


Sykkylven kommunale kraftverk  
1918 — 70 år — 1988



Sykkylven komm. kraftverk  
1918 — 1968

Jubileumsskrift 50 år

---

Sykkylven komm. kraftverk  
1968 — 1988

Jubileumsskrift 70 år

## FØREORD

*Den 22. januar 1968 er det 50 år sidan Riksheim kraftstasjon vart sett i drift. Sidan dette i år ei hending som har hatt svært mykje å seie for utviklinga i bygda i tida etter, har styret for kraftverket meint at det måtte vere rett d gi ut eit jubileumsskrift til 50-årsdagen, med eit historisk oversyn over det arbeidet som har vore gjort innan den elektriske sektor i kommunen i desse 50 åra.*

*Det er mange einskildmenn som på ein eller annan måte har ofra seg for kraftverket i desse åra, særleg var det mange i den første tida, og ein kunne hatt hug til d skrive nokre rosande ord om kvar einskild av dei, men det har det ikkje vore høve til. Ein får derfor nøye seg med å bere fram ei hjarteleg takk til alle desse unemnde bygningsmennene, som — i gode eller dårlege tider — har hjelpt til å reise det byggverk som kraftverket er i dag.*

*Det er likevel nokre menn som har merkt seg ut framom andre i arbeidet for kraftverket, og gjort seg særleg fortente til ein heiderleg omtale i dette skriftet. Desse har ein då nemnt.*

*Tilfanget til skriftet er samla av kontorsjef M. Lillevik og underskrivne, og er hovudsakleg henta frå årsmeldingane og møtebøkene til kraftverket. Lektor Thomas Vinje har hjelpt til med å legge stoffet til rette og gi det språkleg form.*

*Sykkylven i september 1967.*

*HERMOD SAGEN, elverksjef.*

*Det har nå gått 20 år sidan 50-års jubileet. Vi vil gjerne markere passeringa av 70-års dagen den 22. januar 1988*

*Jubileumsskrivet frå 1968 har i ettertid vakt interesse, og har hatt historisk verdi. Det var derfor naturleg å bruke opp att det gamle stoffet og føye til eit resymé av det som har hendt sidan 50-års jubileet.*

*Saman med underteikna, har Annbjørg Rausand og Olav.J. Sandvik frå styret vore med i arbeidet med del nye heftet.*

*Fotograf Skjold Lyshol har vore fototeknisk rådgivar, og har levert dei fleste nye bileta.*

*Sykkylven, desember 1987.*

*PER ARNE AURS NES.  
elverk sjef-*

## SYKKYLVEN

ligg om lag 3 mil austanfor Ålesund og har frå gammalt av vore namn på bygda omkring Sykkylvsfjorden. Men kommunen femner og om bygdene Ramstaddal, Søvikdal og Furestranda, som tidlegare høyrde til Ørskog kommune.

Kommunen har eit folketal på 5 300 og ei flatevidd på 327 km<sup>2</sup>-, og grensar i nord og aust til Storfjorden, i sør til Stranda og i sør og vest til Ørsta kommune.

Sykkylven er kjend for sin vakre og rikt skiltande natur. Diktaren og friluftsmannen Kristoffer Randers seier såleis i si bok om Sunnmøre at «Sykkylven er måske det skønneste af alle Søndmøres landskaber».

Jordbruket var tidlegare hovudnæringa i Sykkylven, med fiske som viktig attåtning; men nå er industrien den viktigaste næringsvegen, og gardane er for ein stor del støttebruk. I 1966 hadde industrien ei samla omsetning på 87 mill. kroner.

Innan industrien er det møbelproduksjonen som dominerer, og den har gjort bygda kjent langt utanfor landegrensene. Men det finst og andre verksemdar i Sykkylven, såleis konfeksjonsfabrikkar, ein plast- fabrikk, transformatorfabrikk, not- og garnfabrikk, maskinfabrikk, trikotasje fabrikk og tre prenteverk. Dessutan er der eit stort anlegg som driv oppal av laks og aure i bygda.

Med ei strandlinje på over 5 mil, som byr på rikeleg tomteareal for industri- og bustadbygg, og med sin sikre tilgang på elektrisk kraft, skulle Sykkylven ha gode vilkår for vidare utvikling i framtida.

## KORLEIS SYKKYLVEN FEKK KRAFTVERK

### INNLEIING

*I slutten av første hundreåret vart elektrisiteten meir og meir kjend omkring i landet vårt, og fleire stader byrja dei å bygge små elektriske kraftverk. Byane gjekk i brodden, som rimeleg var. På Sunnmøre vart det såleis bygt eit elektrisk kraftverk i Ålesund ( Dampsentralen) i 90-åra. I somme bygder tok dei så til å bygge små kraftverk som vart drivne med vasskraft. Alle desse småverka var lågspente anlegg som skulle gi lys til ein eller fleire huslydar, i beste fall til små verksemdar.*

*Sykkylven var mest fullt ut ei bondebygd på den tida. Folk greidde seg tolleg bra med parafinlampen som lyskjelde. og kvernar og treskjeverk vart drivne med vasskraft. Men framsynte menn såg klårt kva føremøner elektrisiteten baud på, ikkje berre som lyskjelde, men og som drivkraft for industrielle verksemdar. Slike menn var t. d. Ole Strømme og Sivert Grebstad. For skuleborna på Riksheim skildra Strømme, som var lærar i denne krinsen, kor gildt det skulle bli når fossen "her oppe i fjellsida" vart utbygd. Då ville dei få lys berre ved å skru på ein brytar!*

### PLANANE TAR FORM

I 1910 fekk vi det fyrste elektriske småverket her i bygda. Det vart bygt av fabrikkengar Johan O. Erstad. Men etter kvart som folk fekk røynsle frå desse småverka, synt det seg at dei ikkje kunne stette krava til kraftforsyning over større område. Det var derfor rimeleg at tanken om å bygge eit større lågspent anlegg i Sykkylven kom opp. Det

skjedde og i 1910. Anlegget skulle nytte ut vasskrafta i Aurdalselva og gi kraft til krinsane utanfor Tjøneset.

På eit møte av interesserte var ingeniør Barman til stades og greidde ut om planane, og det vart valt ei nemnd som skulle arbeide vidare med saka. Formann i nemnda var Sivert Grebstad, som støtt var ein ihuga talsmann for alt som var til bate for krinsen. Nemnda arbeidde med desse planane ei tid, men dei fekk liten tilslutnad. Folk var redde for at vassføringa i Aurdalselva skulle bli for lita, slik at krafta ikkje kunne nå fram til utkantane.


Men så tok høgspentanlegg til å kome i bruk fleire stader, og mange meinte det var eit slikt anlegg for heile bygda som måtte bli løysinga for Sykkylven. Andre elvar og fossar i bygda vart no granska med tanke på utbygging, og den 2. mai 1912 vart resultatet lagt fram for kommunestyret.

<i>Kraftkjelde</i>	<i>fallhøgd</i>	<i>hestekrefter</i>
<i>Aureelva</i>	<i>30 m</i>	<i>150</i>
<i>Vikelva</i>	<i>30 m</i>	<i>120</i>
<i>Regndalsfossen</i>	<i>250 m</i>	<i>700</i>
<i>Riksheimfossen</i>	<i>250 m</i>	<i>2000</i>
<i>Ikorneselva</i>	<i>50 m</i>	<i>100</i>
<i>Tusvikelva</i>	<i>50 m</i>	<i>50</i>
<i>Megardselva</i>	<i>50 m</i>	<i>100</i>

#### *FOSSENEMNDA I ARBEID*

Den 16. april 1913 valde kommunestyret samrøystes ei såkalla fossenemnd, som skulle røkje etter om det var mogleg å få kjøpt eit eller fleire vassfall i kommunen, og om det var vilkår for å bygge og drive eit kraftverk i bygda. Nemnda fekk fullmakt til å leige sakkunnig hjelp for kommunen si rekning. Med i nemnda vart ordførar Ok Strømme, varaordførar Ole B. M. Blindheim, Tomas Stave, P. C. N. Aure og Karolus Drabløs. Formann vart Ole Strømme.

Frå nå av vart det meir fart og plan i arbeidet. Nemnda fann at det måtte ny granskning og utrekning til både når det galdt Aure-elva



Ole Straume, formann i byggenemnda for kraftverket 1915—1920

og Riksheim-elva. Ingeniør Barmann vart tilkalla og i si melding til nemnda seier han mellom anna: Skal ein nytte Aure-elva, må ein bygge inntaksdammen om lag 1 100 m nedanfor Andestadvatnet, og røyrleidningen vert då minst 540 m lang- Ved å demme opp vatnet 2,5 m og tappe det ned 2,5 m vil ein få om lag 255 hk ved full døgndrift, eller 510 hk ved 12 timars drift. Kostnaden ville bli ca. kr. 60.740.00. Utleigga til demning, røyrgate og kjøp av fossen var ikkje medrekna. Om prosjektet ved Riksheimelva skriv han: Ved å demme opp Storevatnet 4 m, Trollvatnet 4 m og vatnet ved Gamlestølen 12 m kan Riksheimfossen gi 720 hk, og ved noko større reguleringar på dei same stadene kunne fossen gi 1 150 hk døgnet rundt. Røyrleidningen frå Gamlestølen til foten av Riksheimfossen ville verte om lag 1100 m lang. Kostnaden ville bli om lag kr. 91 300.00, men då var ikkje utlegga til demning, røyrgate og kjøp av fossen tekne med.

Men nemnda ville gå grundigare til verks og fekk Vassdragsstellet til å saumfare utrekningane til ingeniør Barmann. Vassdragsstellet sende ingeniør Gjølme til Sykkylven. Han fann då ut at dei ville ikkje få meir enn 200 hk ved døgntregulering av Andestadvatnet. Gjølme meinte at Sykkylven ville få bruk for 4—500 hk og kunne såleis ikkje rå til at det vart bygt eit kommunalt kraftverk ved Aure-elva. Når

det galdt Riksheimfossen, var han stort sett samd med ingeniør Barmann. Nemnda fekk då avd.ingeniør Grønningsæter til bygda for å kostnadsrekne evt. demningar ved Storevatnet, Trollvatnet og Gamlestølen.

Medan dette arbeidet gjekk føre seg, låg grunneigarane av Riksheimfossen i prosess med Vestlandske Fossekompani om råderetten til fossen. Alt i 90-åra hadde dette kompaniet sikra seg retten til fossen mot å betale ei årleg avgift. Til å byrje med gjorde kompaniet skyldnaden sin, men så vart det slutt med den årlege avgifta, og grunneigarane meinte at kontrakten var broten. Riksheimkarane vann saka og kunne selje vassdraget til kommunen, om dei ville.

Strømme gjekk nå med all kraft inn for å løyse kraftspørsmålet på kommunalt grunnlag. Han var ein klårtenkt og handlekraftig mann. Vart han fengd av ein idé, gjekk han heilhuga inn for å realisere han. Nemnda bad då ingeniør Barmann rekne ut kva det ville koste å bygge ut Riksheimfossen til 500 hk. Etter hans utrekningar ville kostnaden kr. 116.640.00.

### *GRUNNSPØRSMÅLET*

Nemnda sende så ut folk til å røkje etter om grunneigarane var villige til å late opp grunn til leidningsnetter. I meldinga til kommunestyret heiter det at mest alle mann mellom Gjevenes, Drotninghaug og Vik har gitt kommunen bindande tilsegn om fri grunn til stolpar, med rett til å rydde skog og bygge leidningsnett. Det stod att å spørje nokre få mann, men då det var mindre von til at nettet kom til å gå over eigedomane deira, kunne ikkje det skape større vanskar. I Aure krins hadde grosserar B. Berli, Lars A. Aure og dei fleste grunneigarane i Fauskebygda gitt bindande lovnad om fri grunn.

### *ALLE BØR VERE MED*

For å få eit oversyn over kor stort kraftsalet ville bli sette nemnda i gang ei prøveteikning. Det vart sendt ut eit opprop til bygdefolket om å gå inn for saka og teikne seg for mest mogleg kraft. Mottoet for oppropet var: Alle bør vere med! Nemnda sette og opp ein straum-

tariff med atterhald om godkjenning av kommunestyret. Men denne tariffen vart endra fleire gonger i byggetida.

For dei som ikkje ville gi fri stolpegrunn, vart det sett opp ein dyrare tariff. Prøveteikninga gav etter måten eit bra resultat, endå det var ikkje så lite friksjon somme stader i bygda, helst der det hadde vore størst interesse for å bygge ut Aure-elva. I ein krins vart det såleis ingen som tinga kraft. Alt i alt vart det tinga 140 hk, som skulle gi kr. 7 500.00 i kraftleige. Nemnda såg likevel lyst på framtida. Dei rekna med at forbruket ville auke snøgt i åra framover og kome opp i 700 hk etter 10 års drift. Det ville då gi ei årleg inntekt på kr. 35 000.00.

I sin appell til bygdefolket kunne nemnda vise til oppgåver som handelsmennene hadde sendt inn over parafinsalet i bygda. Oppgåvene, som galdt året 1914, fortel at det vart selt 234 fat parafin til husbruk dette året — til ein samla sum på kr. 7 020.00.

Når dei så sette utlegga til lampar, glas, veiker og oljekjerald til kr. 500.00, vart det eit samla utlegg til lys på kr. 7 520.00. Dette var utgifter dei måtte ta omsyn til når dei skulle vurdere kva det ville koste å gå over til elektrisk kraft.

#### SAKA KJEM TIL KOMMUNESTYRET

Nemnda rådde kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

- 1) Å løyse inn Riksheimfossen og grunn til vegar og demningar, alt i samsvar med oreigninga.
- 2) Å bygge ut fossen så snart råd er, røyrleidning til minst 500 hk, leidningsnett til alle som har tinga kraft, eller som kjem til å gjere det innan 15. november 1915.
- 3) Å fastsette prisen på elektrisk kraft.
- 4) Å velje ei arbeidsnemnd.
- 5) Å tilsette ein ingeniør.
- 6) Å tinglyse grunnlistene.

Utgreiinga og tilrådinga frå nemnda er dagsett 17. oktober 1915 og underskriven av Ole Strømme, O. P. M. Blindheim, Karolus Drabløs og Tomas Stave.

Det var nå opp til kommunestyret å føre saka i hamn; men Ole Strømme, som gjekk sterkast inn for å bygge eit kraftverk for heile bygda, ville skape større interesse for saka. Han bad derfor fylkesmann

Oddm. Vik kome til Sykkylven og tale om kraftutbygginga, og han kom. Ungdomshuset på Aure var fullsett den kvelden han gjesta bygda, og han tala slik at heile møtelyden vart oppglødd for saka. Mange fekk då hug til å reise til Ørsta og sjå kraftverket der, som alt var kome i gang. Dei leigde MB «Aure» til turen, og om lag 100 mann var med.

I Ørsta fekk sykkylvningane sjå seg omkring på kraftstasjonen og treskerarskulen, og alle var opp i undring over kor lett eit arbeid kunne gjerast når ein hadde elektrisitet til drivkraft.

#### BASKETAK I KOMMUNESTYRET

Jamvel om det store fleirtalet av folket i bygda ville bygge eit større kommunalt kraftverk, var det og dei som gjekk imot og gjorde sær votum i kommunestyret. Dei meinte det var uforsvarleg å sette i verk eit slikt tiltak så lenge krigen og dyrtia varde, dessutan var planen om å bygge eit kraftverk ved Aure-elva enno ikkje oppgitt.

På kommunestyremøtet den 29. januar 1915, då nemnda tilrådde prøveoreigning, røysta såleis 14 for og 6 mot. Og på eit seinare møte — i juli — låg det føre eit skriv som gjekk ut på å gjere om att vedtaket om oreigning av Riksheimfossen. Men med 14 mot 6 røyster slo kommunestyret fast at vedtaket skulle stå ved lag. Dei 6 røysta for eit framlegg som lydde slik:

«Da vi finder at det fremdeles er borttinget for lite av den kraft som kan utvindes ved utbygging av Riksheimfossen, og at der ikke er innhentet anbud på arbeidets forskjellige dele, blir prøveekspropriasjonen at utsette indtil komiteen har framlagt:

- 1) Oppgave over utleie av minst halvdelen av den kraft som kan utvindes ved helutbygging av Riksheimfossen til en fastsatt prisbindende for 10 år.
- 2) Anbud på utførelse av de forskjellige dele av det hele anlegg. Når det foreligger, blir saken på nytt at forelegge herredsstyret ."

Det var på kommunestyremøtet den 22. okt. 1915 det store slaget om tilrådinga frå nemnda skulle stå. Tilrådinga var delt i to punkt:

- 1) Om kjøp av fossen.
- 2) Om bygging av kommunalt kraftverk.

Dei to fraksjonane i kommunestyret hadde budd seg godt til slaget, og det vart eitt av dei kvassaste ordskifte som hadde vore i Sykkylven kommunestyre til då. Dei som hadde arbeidt for privat kraftverk ved Aure-elva, gjekk hardt imot Strømme og tilrådinga frå nemnda, men ingen kunne stå seg imot Strømme i ordskifte. Til slutt var det nok samfunnssynet som avgjorde saka: Dei ville bygge eit kraftverk som heile bygda skulle få nytte godt av.

Første punktet, om kjøp av fossen, vart vedteke samrøystes, men mindretallet bad om å få denne merkningen tilført møteboka: «Når Riksheimfossen, trods mindretallets mening, ble eksproprieret på nu værende tidspunkt, finder vi dog ikke nu at kunne motsette oss vedtagelsen av taksten av følgende grunde:::

- 1) Den vil ikke erverves før om 10 år.
- 2) Inden den tid kan der være indtrådt omstendigheder som gjør at den kan bli adskillig dyretere for kommunen.
- 3) For utlegget til kjøp av fossen har man dekning i selve eiendommen».

Andre punkt i tilrådinga, om bygging av eit kommunalt kraftverk, vart vedteke med 14 mot 6 røyster. Vedtaket hadde følgjande ordlyd:

- 1) «Riksheimfossen vert å bygge ut snarast mogleg med røyrleidning til 300 hk., leidningsnett til dei som alt har tinga, eller som tingar kraft innan 15. november d. å. Det vert å velje ei arbeidsnemnd på 5 personar til å planlegge bygginga og få inn tilbod i fleire alternativ på ymse delar av arbeidet. Kommunestyret vil ha rett til å avgjere kva tilbod ein skal velje. Arbeidsnemnda får fullmakt til å tilsette ein dugande ingeniør.
- 2) Ordføraren vert pålagd:
  - a) å syte for at grunnlistene vert tinglyste.
  - b) å sende søknad til Arbeidesdepartementet om løyve til å bygge kraftleidningar frå det påtenkte kommunale kraftverket i Riksheimelva, slik at alle gardane i heradet kan kome med i leidningsnettet.

- 3) Prisane på elektrisk kraft vert å fastsette etter framlegg frå nemnda.
- 4) Ordføraren får fullmakt til å ordne med mellombels lån til kjøp av fossen, til oreigninga og til leige av sakkunnig hjelp».

Punkt 2, 3 og 4 vart vedtekne samrøystes.

Dei som gjekk imot punkt 1, røysta for dette framlegget: «Dersom man går til utbygging av Riksheimfossen, må der være bortleiet kraft for minst 10 % av anleggskapitalen, til renter, avdrag og vedlikehold, og denne inntekten må være sikret i minst 10 år. Hvis ikke, kan man risikere at det manglende må bringe til veie ved å legge på kommuneskatten. Då man ennu ikke har sikret seg, og da det dessuten vil falle uforholdsmessig dyrt med de høye priser på materiell, blir utbyggingen at utsette inntil videre».

Med dette var saka avgjort, og Sykkylven kommunestyre hadde teke ei historisk avgjerd. På same møtet vart følgjande nemnd vald til å stå føre arbeidet på kraftverket: Ole Strømme, Johan O. Erstad, Karolus Drabløs, Tomas Stave og E. Frøysa.

## VERKET VERT BYGT

Det neste spørsmålet kommunestyret måtte ta standpunkt til, var finansieringa. Det vart drøfta på eit møte i januar 1916, og kommunestyret godtok då eit tilbod frå bygdebankane om å få låne kr. 100 000.00 i kvar av dei. Vedtaket vart gjort mot 1 røyst, men eit mindretal på 6 bad om å få tilført denne merkningen i møteboka:

«Endå vi framleis held fast på vårt syn frå tidlegare møte, der denne saka har vore drøfta, at det for tida er økonomisk uforsvarleg å bygge ut Riksheimfossen, finn vi, då vedtaket om utbygging er gjort, at det vil vere uhøveleg å sette seg imot at ein låner dei pengane som trengst til å bygge verket. Vi vil likevel slå fast at vår røysting i dag ikkje skal tydast slik at vi gir saka nokon stønad. Ansvar for følgjene av at arbeidet vert sett i gang i desse utrygge tider, med utsikt til å få levert ein så liten del av den utrekna kraftmengda, må heilt ut berast av det fleirtalet som har drive saka igjennom. «

Byggenemnda kunne nå sette arbeidet i gang, og ho nølte ikkje. Det vart straks tinga stolpar, maskinar og materiell m. m. til utbygginga. Ingeniør Jens Jarnes vart tilsett som byggeleiar, og overingeniør Enger og ingeniør Barmann gav nemnda råd og rettleiing.

Men om vegen nå var klar for eit kommunalt tiltak i kraftutbygginga, var det likevel fleire som ikkje ville gi opp byggeplanane i Aurdalsvassdraget. På kommunestyremøtet den 21. januar 1916 låg det føre eit skriv frå Aurdal elverk om løyve til å bygge elektriske kraftleidningar. A.s Siemens Schukert hadde på vegne av Aurdalsverket søkt Arbeidsdepartementet om slik løyve, og amtmannen bad nå kommunestyret uttale seg om søknaden. Med 15 mot 5 røyster vart då følgjande vedtak gjort: «Kommunestyret kan ikkje på nokon måte



*Demninga ved Storevatnet.*

rå til at Aurdals el-verk får løyve til å bygge elektriske kraftleidningar fordi:

1) Leidningsnettet frå det kommunale elverk på Riksheim er planlagt slik at det skal forsyne alle gardane i heradet med el. kraft til lys, varme og motordrift. I kommunestyret den 22. oktober 1915 vart ordføraren pålagd å søkje Arbeidsdepartementet om løyve for kommunen til å bygge elektriske leidningar, slik at nettet kunne greinast ut til gardane i heradet.

2) Det ville vere til vinning for alle partar at heile bygda samla seg om det kommunale anlegget ved Riksheimelva.» Fire av mindretalet kravde å få tilført møteboka ein lang protest mot dette vedtaket. Etter det ein kan sjå, var dette den siste framstøyten for prosjektet ved Aurdalselva, men det gjekk lang tid før stormen gav seg, noko medlemene i byggenemnda fekk røyne då dei skulle tinge stolpegrunn og sette i gang prøveteikning av kraft.

Byggenemnda hadde mange gjeremål i tida som kom, og mange vanskar å stri med. Det var midt i krigstida og aukande prisar på alt.

Koparprisen gjekk på kort tid opp frå kr. 2,00 til kr. 10,00 pr. kg, timeløna frå kr. 0,30 til kr. 0,80 og meir i byggetida. Det var i det heile pengespørsmålet som baud på dei største vanskane for nemnda. Ho skulle og syte for installasjonsmateriell, men i første omgang kjøpte dei materiell berre til dei som hadde tinga kraft. Seinare kom og «protestantane» med, men då hadde prisane stege mykje.

Utpå våren 1916 vart det «knote på tråden» mellom formannen i byggenemnda og arbeidsleiaren, og det enda med at arbeidsleiaren slutta frampå sommaren 1916. Bent Sandal, som var oppsynsmann i Vassdragsstellet, fekk då permisjon i 3 månader for å leie arbeidet denne tida. Då han slutta, vart Petter J. Tynes arbeidsleiar. Jonas Sandal vart formann for arbeidet ved inntaksdammen, Hans Drotninghaug tok arbeidet på kraftstasjonen og Ole J. Hjorthol, Fredr. Drabløs m. fl. tok seg av linjebygginga.

Arbeidet gjekk jamt framover både oppe i dalen og nede i bygda. Frampå hausten 1917 var arbeidet på stasjonen kome så langt at dei rekna med å få prøvekyrt verket til jul; men det var strekt linjer berre eit stykke på sørsida av fjorden. Fyrst frampå sommaren 1918 — då dei fekk eit større parti kopartråd frå Amerika — vart arbeidet på linjene intensivert, og etter kvart nådde dei fram til andre stader i bygda og.

Innsatsviljen var stor blant bygdefolket i denne hektiske tida, og mang ein mann tok eit retteleg krafttak. Då maskinane kom, la 100 mann seg i selen og drog dei på ein stor steinslede i tungt snøføre fram til stasjonen. Like eins var det då dei skulle bygge røyr-gata. Då møtte 20 mann fram kvar dag og rulla røyrene i tau oppetter den bratte fjellsida. Og på Fauske — der linjegjengen ikkje kunne bli ferdig med høgspent linja til jula 1918 — tok karane på garden på seg arbeidet. Dei fekk med seg driftstyraren og strekte høgspentlinje frå Kagholen til Fauske. Slik fekk og denne grenda straumen til jul.

## VERKET I DRIFT

Då kraftverket var klart til drift ved årsskiftet i 1917—18, venta folk i spaning på at lyset skulle bli påsett. Somme tvilte på om det verkeleg var slik at Riksheim fossen kunne skaffe elektrisk lys, særleg til dei gardane som låg i bratt lende noko til fjells. Der måtte det vel bli vanskelegare! Det var vel dei færraste som fullt ut forstod kva dette tiltaket skulle få å seie for Sykkylven kommune i åra rom kom.

På Sørestranda, der dei hadde linjer med jærnråd, vart straumen sett på den 22. januar 1918, og den 23. januar kom «Søndmørsposten» med denne meldinga:

«Det kommunale elektrisitetsverk i Sykkylven er nu i drift. Det elektriske lys blev for første gang tatt i bruk derinne i går kveld. Forskjellige vanskeligheter er årsak til at ikke alle som hadde meldt seg som lysabonnenter, har fått ferdigmontert sine lysinnlegg, men i de fleste gårde fra Riksheim til Jarnes lyste de elektriske lamper. Det var stor begeistring då lyset ble satt på. Nu slipper man at være avhengig av parafinlamper lenger.

Om ikke altfor lenge har hele Sykkylven herred fått elektrisk lys, selv de som stod tvilende er nu med. Ledningsnettet er jærnråd. Der var mange som mente at jærnråden ikke ville egne seg til elektrisk kraftledning, men det viser seg altså at den egner seg fortrinlig til dette bruk, når der bare er kraftmengde nok, og det skulle det ikke skorte på i Riksheimfossen».

Som rimeleg var, skapte den elektriske krafta feststemning utover bygda, og på Sørestranda skipa dei ein alle tiders lysfest på Jarnes skule. Den berande krafta på festen var handelsmann Hans Ekornes. Fyrst var det omvising på kraftstasjonen, og så gjekk turen til lysfesten på skulehuset.



*PER SOLHEIM,*  
*driftsstyrar 1916—1920*



*Peder N. FRØYSA,*  
*driftsstyrar 1920—1935*

Der var det hengt opp ei «kole», ein flatbrennar, ein rundbrennar og ei parafin-lysekrone, og så ei elektrisk pære. Der var mange talar og gild stemning, og folk hygde seg utover kvelden. Men så vart rommet så fullt av os at dei måtte sløkkje «kølå» og parafinlampene. Berre den elektriske pæra lyste; det var den dei festa for, og ho var symbolet på framtida. Som eit uttrykk for den sanne gleda dei kjende, sende festlyden eit telegram til statsråd Oddmun Vik i Oslo, som hadde tala så varmt for kraftverk-saka.

Om det grøvste arbeidet nå var gjort, stod det likevel mykje att å gjere. Mellom anna skulle tariffane fastsettast, og dei vart endeleg vedtekne av kommunestyret i januar 1919. På grunn av det store arbeidspresset i byggenemnda og dei mange andre gjeremåla sine bad nå Ole Stramme seg fri frå formannsvervet; men både han og dei andre medlemene vart bedne om å halde fram. Nemnda vart då styrkt med eit par mann: Bastian Aursnes og O. P. M. Blindheim. Og på eit seinare møte, den 20. oktober, fekk ordføraren fullmakt til å ta opp eit lån på kr. 25 000.00 i Sykkylven Sparebank, som nemnda skulle ha til rådvelde.

Utpå vårparten 1920 var anleggsarbeidet kome så langt at nemnda kunne be seg løyst frå vervet. Kommunestyret gjekk med på dette og valde eit styre for kraftverket. Johan O. Erstad vart formann i styret, Bastian Aursnes, nestformann, og Petter J. Tynes medlem. Vararemenn vart: Severin Eidem, Karl F. O. Blindheim og Elling Ekornes.

Mellom dei oppgåver styret fekk å løyse, var reguleringa av Store-vatnet, som skulle demast opp 3 m, og det var eit heller stort arbeid. Jonas Sandal var leiar for dette arbeidet.

Ved årsskiftet 1920—21 var kraftverket utbygt slik at det hadde ein generator på 500 hk, 7500 volts spenning fram til 13 utandørs transformatorar og linjenett til dei fleste tun i bygda. Røyrgata var på 1 100 m, herav 700 m stålrør med 40 cm tverrsnitt.

## GRANNEBYGDENE YNSKJER SAMARBEID

Samstundes med at Sykkylven bygde sitt komm. kraftverk, arbeidde strandarane med planar om å bygge ut Fausavassdraget. I november 1918 drøfta Sykkylven kommunestyre eir tilbod frå Stranda formannskap om ei sams utnytting av dette vassdraget. Kommunestyret gav byggenemnda fullmakt til å forhandle med Stranda formannskap på kommunen sine vegne, men nemnda måtte ikkje gjere nokon bindande avtale med Stranda kommune utan samtykke av kommunestyret. Nemnda skulle samstundes røkje etter kor mykje vasskraft Sykkylven rådde over i eigne vassdrag, og i si tilråding, som låg føre noko seinare, rådde nemnda kommunestyret frå «at befatte seg med kraftleie fra Fausaelva, då man har nok vannkraft innen herredet».

Alt i 1916 hadde Sykkylven kommunestyre fått spurnad frå Ørskog kommune om Sykkylven var villig til å selje kraft til Søvikdal og Ramstaddal. Kommunestyret var då ikkje snauere enn at det rekna med å kunne leige vekk 100—150 hk i 20 til 25 år; noko meir vart ikkje gjort førebels.

Men på møtet i kommunestyret den 4. oktober 1920 låg denne saka føre på nytt. Då møtte L. O. Ramstad og Knut Søvik opp som representantar for Ørskog, for å få greie på kva vilkår Sykkylven ville sette for å levere kraft til Søvikdal og Ramstaddal. Dei vart bedne om å vende seg til styret for kraftverket og forhandle med det, og etter

at saka var førebudd på denne miten, skulle ho avgjerast av kommunestyret. Men spørsmålet om å gi Ørskog eller Søvikdal og Ramstaddal nokon eigedomsrett i verket, burde dei ikkje ta opp. Det vart likevel ikkje noko av samarbeidet denne gongen, visstnok fordi det ville koste for mykje.

## TRONGE TIDER

Dei fyrste åra verket var i drift, var nok mesteparten av bygdefolket av den meining at det kommunale kraftverket var eit stort gode for bygda, og det var det visseleg. Men utsiktene for framtida var ikkje berre lyse. Snart tok vanskane til å melde seg, og dei vart større enn mange hadde drøymt om.

I si melding til kommunestyret den 4. desember 1917, om arbeidet på verket og kostnaden, hadde ordføraren meint at den endelege summen ville bli om lag kr. 870 000.00. Den opphavlege kalkylen hadde vore på kr. 250 000.00. Verket var såleis blitt mykje dyrare enn dei hadde rekna med i byrjinga, og ved årsskiftet 1920—21 var låneskulda på over kr. 884 000.00.

Men gjeldsbøra skulle bli endå tyngre. Etter kvart som kraftforbruket auka, syntet seg at spenninga til utkantane av bygda vart ringare. Det kom av at leidningsnettet hadde lite tversnitt ,og at ein del var av jarntråd, slik at det vart stort spenningsstap ute på nettet. For å rette på dette kjøpte verket ein spenningsregulator og sette opp ein transformatorstasjon på Aure. Styret sende og ei føreteljing til kommunestyret om å kjøpe eit nytt aggregat på 800 kva, då det gamle var sterkt overbelasta, og kommunestyret gjorde omsider vedtak om dette i mars 1925. Aggregatet kosta kr. 80000.00, så nytt lån måtte til.

Ved sida av den store lånegjelde var dei låge inntektene skuld i at verket stod dårleg økonomisk. Kraftsalet auka nok, men inntektene var likevel for små til at det kunne bli jamvekt i budsjettet. Tariffane måtte då settast opp, men det var etterkrigstid med deflasjon og vanskeleg å få inn kraftleiga, så kommunen måtte betale underskotet. Det var kr. 25 000.00 i 1926—27 og kr. 21 000.00 i 1927—28.

Slik den økonomiske stoda var nå, var det rimeleg at fleire kom på den tanken at det måtte vere best å skilje kraftverket frå kommunen

og drive det meir på privat basis. På eit kommunestyremøte i mars 1927 vart det derfor valt ei nemnd som skulle røkje etter om det var mogleg å skipe eit parts-lag som kunne ta over drifta av kraftverket, men aksjonen førde ikkje fram.

Endå verre vart den økonomiske stoda i 1928. Då fekk bygdebankane melding frå Bankinspeksjonen om at dei måtte krevje større avdrag på låna til kraftverket, som etter Bankinspeksjonen si meining var for store. Kommunestyret og kraftverkstyret drøfta saka på fleire møte og vart til slutt samde om å søkje Kommunalbanken om eit konverteringslån på kr. 600000.00. Lånet vart innvilga. Det var avdragsfritt i 3 år og skulle betalast tilbake på 37 år til 5,7 % rente. Av lånet gjekk kr. 30 000.00 til sikringsfondet; resten vart delt mellom bygdebankane.

Dei økonomiske vilkåra vart nå betre for kraftverket, men ikkje lenge etter tok verknaden av den store økonomiske krisa omkring 1930 til å gjere seg gjeldande, og verket fekk ny motbør. Folk sa opp kraftleiga eller sette ned forbruket; mange kunne ikkje betale for leiga, og restansane auka. For året 1929—30 var dei på kr. 28 000.00. Underskotet auka og frå år til år, som følgjande oppstilling syner:

For 1929—30 var budsjettet på kr. 100 400.00, derav på kommunen kr. 41 400.00.

For 1931—32 var budsjettet på kr. 81 850.00, derav på kommunen kr. 23 850.00.

For 1932—33 var budsjettet på kr. 94 500.00, derav på kommunen kr. 45 300.00.

For 1933—34 var budsjettet på kr. 87 850.00, derav på kommunen kr. 48650.00.

For 1934—35 var budsjettet på kr. 97 250.00, derav på kommunen kr. 62 057.00.

For 1935—36 var budsjettet på kr. 97 757.00, derav på kommunen kr. 58 557.00.

I desse åra gjekk det ein jamn straum av søknader til kommunestyret frå abonnentar som bad om å få sett ned eller ettergitt kraftleiga. Møtebøkene frå denne tida er beint fram fullskrivne med slike søknader på side etter side.

Med dei inntektene ein kunne rekne med dei fyrste åra, var det klart for kommunestyret at den gjelda kommunen hadde, var større enn ein kunne makte. Ordføraren og formannskapet hadde derfor arbeidd mykje med å få til ei brukande gjeldsordning, og i samarbeid med Riksgjeldsmeklingsinstituttet kom dei fram til ei ordning som vart vedteken av kommunestyret i 1936.

## KRAFTVERKET OG INDUSTRIREISINGA

Den økonomiske krisa fyrst i 30-åra var ei verdskrise som overalt valda store vanskar for næringslivet. Store og små verksemdar gjekk konkurs eller måtte redusere drifta, og talet på arbeidslause auka uhyggeleg. Staten og kommunane fekk derfor veldige problem å stri med denne tida.

Som vi har sett, var det tronge tider i Sykkylven og, men her var det og lyspunkt, som gav voner for framtida. Omkring i bygda fanst det ungdomar som ikkje hadde vorte skræmde av svartåra. Dei hadde gått saman og starta møbelfabrikkar på partsbasis, og dei var bestemte på å «overleve» krisa. Med sin makelause innsatsvilje og sitt eventyrlege pågangsmot kom desse ungdomane til å legge grunnen for den industrireising vi har hatt i Sykkylven i åra etter.

Dei som styrde det kommunale kraftverket denne tida, var fullt klår over at desse verksemdene ikkje ville klare seg, dersom dei ikkje fekk nok elektrisk kraft til ein overkomeleg pris. Kraftverkstyret drøfta spørsmålet med driftstyraren og ordførar Eidem på eit møte i februar 1934. Det var dissens i styret om kva rådgerder dei skulle velje, men dei vart til slutt samde om å prøve med ein reduksjon av straum prisen.

Men kva så med tilgangen på elektrisk kraft? Den var på langt nær tilfredsstillande for industrien i bygda. I fleire år hadde vassmangelen i Riksheimdalen vore så stor at kraftverket hadde vore nøydd til å rasjonere straumen om vintrane. Særleg var det ille vinteren 1936. Då var straumen borte mest heile 1. kvartalet, og abonnentane måtte få nedsett leiga med opptil 35 %. Fleire av verksemdene måtte då koste motoraggregat sjølve for å halde drifta gåande. Skulle dette hal-

de fram, ville industrien i Sykkylven snart synge på sitt siste vers. Dei måtte derfor råde bot på vassløysa, og det snart.

## TUNNELEN

### *FØREARBEIDET*

Storevatnet var 436 mål vidt OR det var regulert 3 m. Andrevatnet som også var regulert 3 m, var på 200 mål. Av vassmengdene i desse magasinane kunne kraftverket nytte ut 1 908 000 m<sup>3</sup>, men det var altfor lite for dei to aggregata på stasjonen.

Styret for kraftverket såg det slik at det einaste som kunne bøte på vassløysa, var ein tunnel inn i Storevatnet, for nye reguleringar av vatna var det ikkje mogleg å gjere med lønsam kostnad. Formannskapet og kommunestyret var samd tunnelen. Planen var ikkje ny. Alt bygge ein slik tunnel med innslag skulle planen realiserast.

Planen vart så lagd fram for Vassdrags- og elektrisitetsstellet. Overingeniør Fjalestad fekk saka, og han kom til Sykkylven våren 1937. Saman med driftstyraren og kraftverkstyret drog han til Riksheimdalen for å sjå på tilhøva. Fjalestad bad dei lodde djupna på heile vatnet og sende han resultatet så snart råd var, og det vart gjort. Ved hjelp av desse målingane laga Fjalestad teikningar og arbeidde ut eit forslag til planløsning. Han meinte at tunnelen burde vere 386 m lang med innslag på 30 meters djupn. Kostnaden kunne han ikkje rekne ut for det var gjort grunnboringar i vatnet, frå land og utover til den staden innslaget skulle vere. Men dette arbeidet kunne dei gjere berre om vinteren, når det var trygg is på vatnet.

Fyrst i desember 1937 var isen så trygg at dei kunne sette i gang, og driftstyraren drog til fjells sjølv sjette for å utføre arbeidet. Til å bore med brukte dei vassleidningsrør med ein kvesst minebor i enden. Det gjekk bra til dei kom på 22 meters djupn, men då brotna den eine røyra og for sin veg. Nye tjukkare rør vart skaffa i ei snøggvende, men dei var så tunge at dei måtte bruke stubbrytar for å lyfte dei. Det var 20 graders kulde og djup snø på isen, så noko fyseleg arbeid var det ikkje, men det gjekk. Resultatet av boringane vart

sendt til Fjalestad, som kostnadsrekna anlegget til mellom 70 og 80 tusen kroner.

Det store spørsmålet var nå finansieringa. Ordførar Eidem og styret drøfta på fleire møte korleis dei skulle skaffe pengane, og dei kom til at dei måtte søkje Kommunalbanken om lån. Det vart gjort, og etter koferanse med Kommunalbanken vart partane samde om følgjande finansieringsplan:

Lån i Kommunalbanken .....	kr. 33 950.00
Av overskotet til verket.....»	8 000.00
Innsparing på linjenetter .....	» 6 000.00
Dagsverkstilskot .....	» 5 000.00
Utsetjing på avdrag.....	» 11 000.00
Lån hos abonnentane .....	» 16 000.00

Til saman kr. 79 950.00

---

Kommunalbanken sette som vilkår at ein viss del av lånet skulle skaffast innan bygda, og kr. 16000.00 var då summen dei vart samde om.

Så vart arbeidet utlyst. Det kom inn 6 tilbod, og på nyåret 1938 kunne styret ta standpunkt til kven som skulle få arbeidet. Med i styret var nå M. Lillevik, formann, Fredrik Drabløs, nestformann, og Jens E. Ekornes, medlem. Til stades på møtet var og ordførar Ola Tandstad og tidlegare ordførar Eidem. Fjalestad hadde rådd til at Egg Henriksen og Didrik Lund måtte få arbeidet, men då tilbodet deira var på kr. 82 000.00 og utan garanti for utslagssalven, godtok styret tilbodet frå Jens Skjerdal, Bergen. Det var på kr. 66 000.00. Kontrakten med Skjerdal vart sett opp av Fjalestad og seinare godkjend av kommunestyret.

#### ARBEIDET PÅ TUNNELEN

I slutten av mai 1938 vart det liv og røre i Riksheimdalen. Bru skulle byggast over elva oppe i dalen, slik at dei kunne få utstyret

fram til arbeidsstaden. Og det var mangt som trongst: materialar til maskinhus og smie, parafin til motoren, dynamitt, proviant m. m. Det var gardbrukarar med hest og vogn som sytte for transporten. Betalinga var 12 øre pr. kilo, og eit lass kunne vere opp til 200 kilo. Vegar fanst det ikkje, men dei verste kneikane vart jamna, så der vart farande for hest og vogn. Elles måtte kvar ta seg fram der han sjølv fann det var best.

Arbeidet på tunnelen kom snart i gang. Det gjekk i Jo skift og hadde god framgang den fyrste tida. Formann var David Kalland frå Volda. Fullt så godt gjekk det ikkje med driftstyraren og formannen i styret då dei skulle på bygda og tinge om bidrag til lånet på kr. 16 000.00. Dei greidde omsider å få inn kr. 11 500.00, men då var det stopp. Kommunestyret gjorde då vedtak om at resten av bygdelånet, kr. 4 500.00 skulle betalast av kommunekassa.

Men snart melde vanskane seg i tunnelen og. Det viste seg at maskinane til Skjerdal ikkje heldt mål, og det vart meir og meir kluss med dei etter som tida gjekk. Den 25. oktober var driftstyraren og kraftverkstyret oppe i dalen saman med Skjerdal og såg på arbeidet. Dei var då komne ca. 80 m inn i fjellet. Skjerdal fekk då pålegg om å gjere alt i stand til vinterdrift. Han lova vel, men gjorde lite, og då det vart endå meir kluss med maskinane, måtte arbeidet stoppe. Skjerdal måtte derfor rå seg til nye maskinar, om arbeidet skulle halde fram; men han makta ikkje å skaffe pengar, og laut gi opp arbeidet.

Det vart då bestemt at kraftverket sjølv skulle kjøpe nye maskinar og ta over drifta for eiga rekning inntil vidare, men det kom til å bli for godt. Dei nye maskinane var framifrå, så arbeidet gjekk fint til krigen byrja, men då stogga det ein månads tid.

Utpå sommaren skulle dei etter planen vere nær innslaget i vatnet, og ein morgon ringde dei frå Storevatnet. Dei hadde skote gjennom fjellet og kome inn i grus og stein. Situasjonen var farleg. Rett over tunnelen stod vatnet i 30 meters hogd. Ingen visste kva propp det var som hindra vatnet i å bryte gjennom. Losna den, ville det skje ein katastrofe, både i dalen og nede ved stasjonen. Dei bygde derfor eit stengsel av plankar inne i botnen av tunnelen, så ikkje vatnet skulle sprengje seg veg gjennom grusmassane. Og stengselet heldt — heldigvis!

## GJENNOMSLAGET

Karane heldt fram med arbeidet. Dei skulle skyte ut synker, reinske tunnelen for grus, støype ein betongpropp 30 m inne i tunnelen og montere ventilar og avlaupsrøyrer. Ventilane og ventilrøyrene var tunge kolli på ca. 700 kilo, så det var ikkje lett å få dei på plass. Sand var det oppe ved vatnet, og 250 sekker sement vart køyrde opp på snøføre.

Den 12. september 1940 var alt klart for gjennomgangssalven. Fjalestad hadde sendt ein ekspert, Høyseter, oppover til å stå føre arbeidet og var nå sjølv ved Storevatnet saman med driftsyra og kraftverkstyret. Nede i bygda var det kjent at salven skulle gå i middagstida den 12. september, og i det vakre haustveret var det reine folkevandringa oppover Riksheimdalen. Ein gammal veteran frå den tida kraftverket vart bygd, Lars P. Erstad, kom ridande oppover. Han hadde skadd ein fot og kunne ikkje gå så lang veg, men dette ville han vere med på. Ludvig Hole og Hovseter hadde arbeidt med ladninga frå kl. 7 om morgonen til over middag. Då var 80 kilo dynamitt plassert nesten 400 m inne i tunnelen.

Så var alt klart. Fjalestad stod på høgda med utsyn både til vatnet og til den staden der Hole stod med tenningsapparatet. Kl. 14,20 gav Fjalestad signalet og Hole slo inn brytaren. Med eitt dunde fjellet. Eit sterkt luftdrag gjennom avlaupsrøyra og ei kraftig rørsle i vatnet bar bod om at gjennomslaget var gjort. — Men spaninga var ikkje over. I dei følgjande minutta voks ho til brestepunktet. Vile vatnet kome? Ei stund ottast dei det verste. Men sa hørde dei ein kraftig sus frå tunnelen. Ut gjennom røyra kom luft og grus som eit storm-ver og etterpå vatnet i same tempo. Den store draumen om tunnel inn i Storevatnet var røyndom.

Til nå hadde alt gått etter planen, men dagen skulle ikkje ende utan eit dramatisk innslag. Då vatnet hadde, runne så lenge at dei trudde tunnelen var utreinska, skulle ventilane stengjast. Fjalestad, Ludvig Hole og Jon Riksheim gjekk inn i tunnelen langs den 30 m lange avlaupsrøyra for å skru att ventilane. Straks etter dei var komne inn, hørde dei som var ute, eit fælende brak frå tunnelen. Tre-røyra som gjekk frå tunnelen og utover, var sprengd, og plankebitar



frå røyra hopa seg opp i døropninga og stengde for vatnet som trua med å fylle heile tunnelen. Ingen trudde at dei tre karane kom levande ut att, men så stoppa vatnet. Karane hadde skunda seg innover og fått stengt ventilane. Etter ei stund kom dei ut att gjennomblaute til skinnnet. I brakka fekk dei låne turre klede, og så drog alle ned i bygda att etter ein dramatisk dag.

Om kvelden samlast dei som hadde vore med på arbeidet, i lag med kommunestyret til ei festleg samkome på sparebanksalen. Der var stemninga på topp, som rimeleg var. Mange tala, og alle fagna dei storleg arbeidet som var gjort. Drifstyraren gav eit oversyn over utgiftene og kunne opplyse at anlegget hadde kosta om lag kr. 100000.00.

#### BAKSMELLEN

I desember var trerøyra som vart sprengd ved gjennomslaget reparert, men då ventilane vart opna, viste det seg at tunnelen var gått tett. Dette var eit stort vonbrot for alle, då dei no skulle til å tappe av det vatnet som dei hadde rekna med å få bruke framover vinteren. Fjalestad, som vart kontakta over telefonen, rådde til å legge ei

ladning på 25 kg dynamitt så nær innslaget som mogleg. Lars J. Tusvik og Jon Sandvik tok på seg jobben. Dei kraup innover grus- og steinhangane og plasserte ei ladning på 40 kilo så langt inne som dei kunne, men sprenginga lukkast ikkje. Seinare vart det gjort nye forsøk; men då var tunnelen så full av gass at karane segna på grushaugane og måtte hjelpast ut. Gassmasker prøvde dei og, men med same resultat.

Neste utvegen var å prøve med ein dykker frå isen, og opne tunnelen frå den kanten. Her gjorde dykker Tellef Jørgensen frå Oslo ein framifrå innsats, men alt var fåfengt. Så nærma påska seg, og karane drog ned i bygda att, men etter som dei sa, var det inga feststemning på den heimturen.

Etter påske vart ventilane opna, og ny frisk luft strøymde inn etter kvart som vatnet rann ut. Det var då mogleg å arbeide inne i tunnelen att, og dei kunne prøve å opne han innanfrå. Arbeidet vart så nøye planlagt. Dei strekte stålvire under tunneltaket frå inste enden av tunnelen og utover til ei taubane og drog sanden i kasser. Arbeidet gjekk kvikt, og snart var det klart for ny salve. Smellen kom — og vatnet med, men ikkje nok, og det minka etter kvart av. Kva no? Å gå inn i tunnelen var livsfarleg. Alle visste at det var berre grus som stengde, men ingen visste kor tjukt gruslaget var. Likevel våga karane seg inn og fekk reinska tunnelen på nytt, og den 7. juli var alt klart for ny sprenging. Lars Tusvik og Jørgensen stelte med ladninga. Dei la ei lunte med dobbel sikring og brenntid på 42 min. og kom krypande ut — søkkvåte begge to. Så venta alle i spaning. Minutta

gjekk- 41 min. Hadde lunta slokna — eller? Nei, der small det. Lufttrykket for som ein orkan ut gjennom røyra. Så vart alt stilt. Men der braka det laust inne i tunnelen! Først kom ei svart røyksky og så vatnet i veldig fart. Gjennomslaget hadde lukkast!

No vart det jubel i dalen. Jørgensen gjorde vel det som mange hadde hug til i denne stunda: han tok Tusvik i armane og dansa av glede til brølet frå det fossande vatnet. For han var det den vakraste musikk! Så bar det ned i bygda att etter velgjort arbeid, og det siste dei såg av dalen, var den friske vasspruten frå avlaupsrøyra.

Men gleda varde ikkje lenge. To gonger til rausa tunnelen att, og kvar gong gjekk karane inn og reinska ut. Siste gongen, då grusla-



*Maskinistbustaden på Riksheim, oppført i 1954*

get inst i tunnelen var mykje tynnare enn det hadde vore før, var det Peder Eidem og brørne Tusvik som gjorde arbeidet. Salven gjekk i august 1942, og tunnelen har sidan vore open.

Først då vatnet var nedtappa, vart det synbert for alle kor veldige dei hadde vore grusmassane rundt utslaget. Der låg eit svært grustak, traktforma i ein spiss ned mot opninga i fjellet, og mange hundre kubikkmeter grus hadde hamna i tunnelen.

Planen hadde elles vore å tappe ned vatnet for, så dei kunne få reinske ut kring opninga og legge jarnrøyrer frå tunnelen og bortover vatnet eit stykke for å hindre ras i gjennomslaget. Dette vart også gjort, men først seinare, medan Scott Dahl var driftstyrar. Då høvde det slik at vatnet var heilt nedtappa.

Slik anlegget stod nå, hadde det kosta kring 160 000.00 kroner. Til denne prisen har kraftverket sidan kunna tappa om lag 6 mill, kubikkmeter vatn årleg.

## ROS OG RIS

Nede i bygda var det nok mange rom meinte at det hadde vore for mykje klabb og babb med tunnelen i desse åra, og berre heldige med sine disposisjonar hadde dei vel ikkje vore, dei som hadde stått føre arbeidet. Såleis kunne vel mykje vore spart om grunnboringane hadde vore betre utførde. Men det var smått med pengar den tida, og det galdt å få gjort arbeidet så rimeleg som råd var. Elles gjorde og krigen og dei vanskane den førde med seg, sitt til at arbeidet vart seinka. Sikkert er det i alle fall, at både driftsstyraren og styret gjorde ein svær innsats, dei var med seint og tidleg og sparde seg aldri. For ikkje å snakke om dødsgjengane som reinska ut tunnelen når han rausa att. Det var gutar som ikkje var redde skuggen sin, og dei fortener vel å bli nemnde her. Forutan dei som alt er nemnde, var desse med: Lars Tynes, Nils Haugseth, Eldor Strømme, Angel Eidem og Ole Drotninghaug.

## NY RØYRGATE OG NYTT AGGREGAT

Tunnelen hadde opna vegen til ei rik kraftkjelde for verket; men skulle dei få vatnet fram til stasjonen, måtte dei bygge ei grovare røyrgate. Styret var sjølvstekt klar over dette og hadde finansieringsplanen klar før tunnelen vart opna for godt. Dei rekna med at det ville koste kr. 180 000.00 å få bygt den nye røyrgata. Kr. 120000.00 ville dei låne i Kommunalbanken; resten skulle dei skaffe ved lån innabygds og av kraftverket sine midlar. Saka vart send til Vassdragsstellet og Kommunalbanken, og i juni 1942 kunne ordføraren melde at banken hadde innvilga lånet.

Det vart då bestemt å bygge ei taubane frå stasjonen opp til høgda, for at monteringa skulle gå lettare. Men det kom hindringar i vegen her og. Kraftverket hadde fått tilbod frå eit tysk firma på ei røyrgate til kr. 79000.00, og frå «Tubus» eit tilbod på 370 m tre-røyrer. Men det ryske firmaet vart nekta eksportløyve, og dermed var alt på det uvisse med røyrgata. Først i september 1943 låg det føre eit tilbod frå Kverner Brug på klinka stålørøyrer til kr. 135 000.00 pluss utlegg til frakt og montering;; men firmaet kunne ikkje seie noko visst om leveringstida.

For industrien måtte då straumsituasjonen bli heilt prekær. Søknader og krav om meir kraft strøymde inn til driftstyraren, men verket kunne ikkje imøtekomme søknadene. I staden måtte ein gå til rasjonering og stille ned målarane 25 %. Styret kalla då saman dei største forbrukarane i bygda til eir rådleggingsmøte, men dei fann ingen veg ut av uføret. Straumsituasjonen vart tvert imot verre, for i mai 1943 hende to større uhell på stasjonen. Akslingen på den største turbinen brotna og valda skade på løpehjulet, og ei vike etter


brann den minste generatoren på grunn av overbelastning. Det tok ein måned å få reparert skaden, og i denne tida var bygda heilt utan elektrisk kraft.


Det var nå klart for alle at det kunne ikkje bli trygg og effektiv drift ved stasjonen før verket hadde rådd seg til nye maskinar. Styret gjorde derfor vedtak om å tinge ein ny generator og ein ny turbin hos Norsk Elektr. Brown Boveri og Kverner Brug. Kontrakten vart underskriven tidleg i 1944, og finansieringa gjekk i orden, men det drog ut med leveringa, trass i fleire purringar. Jens Ekornes var såleis to gonger i Oslo for å skunde på leveringa av stålrøyrene og aggregatet.

Då krigen var slutt, var trerøyrene monterte; men stålrøyrene og aggregatet var enno ikkje komne, så kraftsituasjonen var framleis vanskeleg. Men det var fred, og det gav nye voner for framtida. Eit folkevalt kommunestyre tok nå over styringa i bygda, og styret for kraftverket kunne legge utbyggingsplanane fram for kommunestyret i desember 1945, saman med ei utgreiing om det som var gjort i krigstida.

Endeleg — utpå våren 1946 — var dei nye maskinane ventande. Styret bestemte seg då for å utvide kraftstasjonen, slik at han kunne stå ferdig til aggregatet kom. Arbeidet gjekk kvikt, og då maskinane kom, kunne dei straks byrje å montere dei. Det nye aggregatet på 1 800 kVA vart sett i drift over nyttår 1947, og synte seg å vere svært effektivt. Og då den nye røygata og var komen på plass, vart det slutt på rasjoneringa, og folk kunne tinge meir kraft.

Når det trass alt gjekk så snøgt å få fullført utbygginga etter krigen, kom det av at styret for kraftverket og overingeniør Fjalestad, som hadde vore konsulent for styret, hadde hatt mot til å handle på eiga hand i krigstida. Kraftverkstyret hadde nok fått fullmakt av herad-styret til å tinge den nye røygata hos Kverner Brug i 1943; men det nye aggregatet hadde styret tinga utan formelt samtykke av herad-styret. Det var nå mest for å kome unna kontrollen frå dei høgare styresmaktene at det vart gjort slik, for det var ein illegal handel. Hadde styret venta med tingingane til etter krigen, ville det blitt mykje dyrare å fullføre utbygginga, og det ville teke lenger tid, for då stod kraftselskapa formeleg i kø for å fornye materiellet sitt.





Sykkylven kommunale kraftverk "sitt ledningsnett.



Marius  
Lillevik



J. E.  
Ekornes

*Av styreformennene i kraftverket er det særleg to som har hatt lang funksjonstid og lagt ned mykje arbeid for elektrisitetsforsyninga i bygda.. Det er Marius Lillevik, som var styreformann frå 1/1 1937 til 1/7 1945, og J. E. Ekornes, som var styreformann frå 1/7 1945 til 31/12 1959.*

Det store utvidingsprogrammet som var påbyrja 1937—38, var såleis fullført, og med sine nye maskinar kunne kraftstasjonen nå yte 2 600 kVA. Det var difor grunn til å tru at bygda skulle vera sikra elektrisk kraft i fleire år framover.

## TAFJORDKRAFT VERT REDNINGA

Etter kvart som krigstida kom på fråstand og den industrielle utviklinga i bygda heldt fram, vart vilkåra for kraftverket betre. Salet av kraft auka, det var lettare å få inn straumleiga, og inntektene vart større. Særleg var det tilfelle etter 1949, då overforbruksmålararen vart teken i bruk og det var lettare å kontrollere forbruket. Men samstundes vart kraftverket stilt overfor nye oppgåver. Styret skjønna at utviklinga innan industrien ville føre til at kraftverket ikkje kunne til-



Ludvig Hole,  
driftsstyrar 1935 - 1948



Robert Scott Dahl,  
*driftstyrar* 1948—1955

fredsstillte etterspurnaden etter elektrisk kraft i så mange år framover. Frå 1945—1950 auka talet på verksemdar i bygda frå 50 til 66 og talet på arbeidarar frå 518 til 917. Ein tok derfor straks til å drøfte planar om vidare utbygging. Dei løysingane som melde seg fyrst, var meir utbygging i Riksheimdalen, eit eventuelt samarbeid med Tafjord Kraftselskap — og med Strada E-verk, som hadde planar om ei større utbygging av Fausa-vassdraget.

Robert Scott Dahl, som vart ny styrar for kraftverket frå 1. august 1948, gjekk straks inn for planane om eit samarbeid utetter. Det vart då sendt ein førespurnad til Tafjord Kraftselskap om Sykkylven kunne få kjøpe kraft der, og ikkje lenge etter låg det føre tilbod på kraftlevering derifrå. Tilbodet vart drøfta med representantar for Stranda E-verk, som gjerne ville vere med på forhandlingane med Tafjord Kraftselskap. Etter dette tilbodet kunne Sykkylven og Stranda få levert kraft på Amdam til kr. 60.00 pr. kW. Utsendingane frå Stranda kom då til at dei kunne ikkje tinge kraft på desse vilkåra, då Stranda ah hadde investert så mykje i utbygginga av Fausa-vassdraget. Resultatet av møtet vart at Sykkylven skulle tinge med Tafjord Kraftselskap åleine.

På eit styremøte i mars 1949 kunne så driftstyraren legge fram resultatet av tingingane med Tafjord Kraftselskap. Vilkkåra var sette opp i to alternativ:

Alternativ 1: Kr. 5,00 pr. innbyggjar, kr. 25,00 pr. kW, pluss 1 øre pr. kWh, pluss 10 prosent.

Alternativ 2: Kr. 40,00 pr. kW, pluss 1 øre pr. kWh, pluss 10 prosent.

Straumen skulle leverast på sørsida, men bli målt på nordsida av fjorden. I september gjorde då styret for kraftverket vedtak om å tinge eit minstekvantum på 300 kW årleg på grunnlag av alternativ 2, og vedtaket vart seinare godkjent av kommunestyret.

Ein skulle då tru at saka ville gå i orden. Men ikkje lenge etter kom det melding frå Elketrisitetsforsyningskontoret på Molde om at overingniøren ikkje kunne godta den avtalen Sykkylven hadde gjort med Tafjord Kraftselskap. Fylkesmannen kalla då saman til eit møte i Ålesund straks etter nyttår 1950 for å drøfte spørsmålet med dei interesserte partane. Frå Sykkylven møtte ordførar Johan Eidem, Jens E. Ekornes og driftstyraren.

Det var stor meiningsskilnad mellom autoritetane på dette møtet. Overingeniør Grønningsæter meinte at Stranda E-verk kunne by Sykkylven like bra vilkkår som Tafjord Kraftselskap, og ville rå til at Sykkylven gjekk inn for samarbeid med Stranda. Fausa kraftstasjon kunne gi 8 600 kWh pr. innbyggjar og Tafjord berre 6 500 kWh. Fausa kunne elles levere meir kraft enn Stranda hadde bruk for, når utbygginga var ferdig.

Fylkesmannen ville stille Sykkylven fritt, medan dir. Bakke Fa-gerberg i Tafjord Kraftselskap meinte at Sykkylven måtte få kjøpe kraft frå Tafjord. Etter hans meining kunne selskapet forplikte seg til å skaffe Sykkylven all den kraft som bygda trong med ein varsels-frist på fem år. Tafjord kunne dessutan levere kraft mykje snøggare enn Stranda, som neppe ville få kraft til overs før i 1953, — og når den tid kom, ville Sykkylven ha rett på kraft frå Stranda E-verk etter konsesjonsvilkkåra for Nysætervatnet.

Avtalen vart då godkjend av styresmaktene. Men det var ikkje minst takka vere Bakke Fagerberg sin innsats. Han slo retteleg eit slag for Sykkylven i denne saka.

## SØVIKDAL OG RAMSTADDAL FÅR ELEKTRISK KRAFT

Då krigen var slutt, var det mange forseinka byggeplanar som skulle realiserast omkring i kommunane. Søvikdal og Ramstaddal, som enno ikkje hadde fått elektrisk kraft, ville nå gjere ein ny freistnad på å få løyst kraftproblemet sitt. På eit møte i kraftverkstyret den 16. nov. 1945 låg det derfor føre ein søknad frå forebuingsnemnda for kraftutbygging i Ramstaddal og Søvikdal om å få leige 100 kW i 15 —20 år.


Slik straumsituasjonen nå var i Sykkylven, meinte styret at den einaste råda då måtte vere å bygge ut fallet i Ramstaddalen. Styret var av stad og såg på fallet og drøfta planar om utbygging, men nokon avtale vart ikkje gjort. Fyrst nokre år seinare, då Sykkylven fekk kjøpe kraft frå Tafjord og elles kunne få den krafta frå Fausa som bygda hadde rett på etter konsesjonsvilkåra for Nysætervatnet, kom saka i eit anna lys. Det måtte då bli mykje lettare å skaffe elektrisk kraft til Dalane-.

Det vart nå skipa eit kraftlag for Ramstaddal og Søvikdal, og på eit styremøte i kraftverker i oktober 1950 kunne styret for laget legge fram eit overslag over kva det ville koste å skaffe desse bygdene elektrisk kraft. Det var tanken deira å søkje om statstilskot til utbygginga. Både driftstyraren og kraftverkstyret ville gjere sitt til at Søvikdal og Ramstaddal skulle få den kraft dei trong. Dei vart derfor samde om å arbeide vidare med saka, og driftstyraren skulle gi kraftlaget for Dalane råd og rettleiing.

I april 1952 var arbeidet kome så langt at kraftverket kunne legge fram vilkåra for å levere kraft til Søvikdal og Ramstaddal. Avtalen gjekk i orden, og dei kunne ta til å bygge ut linjenettet i Dalane — med tanke på overføring av kraft frå Tafjord. Og endeleg — den 11. des. 1952 — vart straumen sett på. Søvikdal og Ramstaddal had-de fått elektrisk kraft.

## FORDELINGSNETTET

I den første tida hadde kraftverket brukt ein heil del jarntråd og uimpregnerte stolpar både på dei høgspente og lågspente linjene.



*Aure sekundærstasjon.*

Mange av desse stolpane måtte skiftast ut etter kort tid. Etter kvart vart det og nytta meir kopartråd, men linjer av jarltråd vart brukte til slutten av førtiåra. Då tok arbeidet med å utvide og fornye linjene til. Det var ei av dei større oppgåvene Scott Dahl tok fatt på etter han vart driftstyrar. Han gjorde framlegg om å bygge ei ny høg-spentlinje frå kraftstasjonen til Tandstad med sjøkabel over Revet. Arbeidet vart kostnadsrekna til kr. 35 000.00 og vart utført i 1948 —1949.

I 1949—50 vart det hygt høgspenning frå Lade til Drotninghaug og sett opp ein transformator på Hella. I 1950—51 tok verket i bruk ein ny transformator i Ullavika. Same året vart det og bygt ei høgspenninglinje frå Drotninghaug til Fjellsæter. Linja vart kosta av O. T. Lied, men ho vart innløyst av kraftverket i 1960.

I samband med avtalen om kjøp av kraft frå Tafjord skulle kraftverket bygge ein sekundærstasjon på Aure, og dette arbeidet vart sett i gang i 1951. Det følgjande året vart det bygt ein ny transformator i Aure sentrum, og arbeidet på sekundærstasjonen heldt

fram. Elles var arbeidet med å bygge ut linjesambandet med Tafjord i full gang. Denne linja vart knytt saman med høgspenninglinjene til Søvikkdal og Ramstaddal kraftlag. Linjene i Dalane var ferdige i 1952 og linja til Aure i 1953. Dette året vart det elles bygt nye transformatorkioskar på Øvre Straumgjerde, på Vikøyra og ved Breidablikk gartneri.

I 1953—54 kunne verket ta i bruk ein ny transformatorkiosk i det nye skulehuset på Aure. Der vart det og montert ein elektrodekjel på 250 kW, som skulle brukast i oppvarminga av skulen.

I 1954 vart høgspenninglinja frå Melset til Fausa ferdig, og dermed var vegen klar for samkøyring og kraftutveksling med Stranda E-verk. Same året sette kraftverket i drift ein transformatorkiosk ved Ekornes fabrikkar og eit nytt transformatoranlegg på Svartebekk.

Hausten 1955 vart det bygt ei høgspenninglinje til Gjevenes og sett opp ein transformator der og på Midtgård, og ein ved Bedehuset i Hundeidvik. På Brunstad, der det før var berre ein transformator, vart linjene ombygde og forsterka med to nye transformatoranlegg. Ved Hagarden mellom Vik og Klokkehaug vart det bygt ein ny transformatorkiosk hausten 1956. Denne kiosken leverer nå kraft mellom anna til Strømme Konfeksjonsfabrikk og Vestlandske Mø-belfabrikk.

I 1957 vart det bygt høgspenninglinjer til Aurdal og Eidem og sett opp nye transformatorar der og på Kjemphol, men det største arbeidet dette året var nok ombygginga av høgspenninglinja frå kraftstasjonen til sekundærstasjonen på Aure. Den gamle høgspenninglinja var bygd for 7 500 volt driftspenning og hadde straumførande leidningar på 3 x 16 mm<sup>2</sup>. Den jamt aukande straumføringa på denne linja måtte derfor føre til at spenningstapet vart urimeleg stort. Linja vart då bygd om som dobbeltlinje, ei på 7 500 volt under og ei på 22 000 over. Eit ledd i denne linja er det store spennet over Sykkylvsfjorden ved Tjønes. Straks etter dette spennet var strekt, kom eit fly i låg høgde utover fjorden og gjekk rett i spennet. 'Leidningane heldt, men flyet hamna i sjøen som vrak. Dei som var i flyet, slapp frå det med skrekken.

I 1958 vart høgspenninglinja i Hundeidvik førd vidare til Kursetgjerde, og ein transformator vart sett opp. Same året tok arbeidet til



*Transformatorkiosk ved Nor-laks, ein av dei 20 kioskane som er bygde siste åra.*

med å bygge kraftlinje til oppsitjarane på Furestranda. Etter at denne grenda vart lagd til Sykkylven kommune i 1955, var det berre dette bygdelaget som ikkje hadde elektrisk kraft i kommunen. Det vart då bygt ei høgspenlinje frå Løvollen over Løsetdalen til Furestranda med avgreiningar til Rønes og Sandvik. Krafta vart sett på den 24. februar 1959. Same året vart det elles bygt eit par korte høgspenlinjer til nye transformatorar på Nakkegjerde og Riksheimgjerde.

I 1960 vart høgspenlinja frå kraftstasjonen til Jarnes bygd om frå 3 x 16 mm<sup>2</sup> til 3 x Fe Al nr. 35 og isolert for 22 000 volt. Like eins vart det bygt høgspenlinjer til nye transformatoranlegg på Utgård og ytre Straumsheim og ny transformatorkiosk på Straumgjerde. Vidare vart det bygt ein ny transformatorkiosk i samband med 2. byggesteg ved ungdomsskulen på Aure. For å trygge kraftforsyninga til dei største transformatorkioskane i sentrum, som har kabeltilføring, la ein ned om lag 800 m høgspen jordkabel mellom kioskane, slik at det vart ringsamband mellom dei.

Frå inntaksdammen og fram til Storevatnet vart det bygt ei 4 km lang 380 volts kraftlinje, og det vart montert ein elektrisk motor på den minste reguleringsventilen, slik at ein kunne fjernstyre ventilen frå kraftstasjonen. Ein kunne då nytte ut vatnet betre, og ein slapp å gå den lange vegen til Storevatnet for å regulere tilførsel.

I samband med den nye sekundærstasjonen på Haugset vart det i 1961 bygt ei 22 000 volts dobbeltlinje frå Haugset til Kjemphol. Vidare vart det lagt ned ny høgspenkabel til Aursnes og bygt transformator der og på Nyborg.

I 1962 bygde kraftverket følgjande høgspenktliner med transformator:

Avgreininglinje til ny transformator på Dalemyra, i drift 3. august 1962.

Avgreininglinje til ny transformator på Stave, i drift 15. oktober 1962.

Avgreininglinje til ny transformator på Sætre, i drift 11. februar 1963.

Høgspenkabel til ny transformatoriosk ved Emdal fabrikk, i drift 18. oktober 1962.

Høgspenkabel til ny transformatoriosk på Grebstad, i drift 28. februar 1963.

I 1963 vart følgjande transformatorioskar og transformatoranlegg sette opp:

Transformatoriosk på Aursnes, i drift 15. november 1963.

Transformatoriosk ved Nor-Laks, i drift 18. april 1964.

Transformatoriosk ved Vikelva, i drift 9. november 1963.

Transformatoranlegg Blindheim II, i drift 25. februar 1963.

Transformatoranlegg Øvre Aure, i drift 20. februar 1964.

Som fyrste ledd i ombygginga av høgspenktlinja i Velledalen vart det i 1964 bygt ei ny 2,5 km lang 22 000 volts linje med 3 x Fe Al nr. 35 leidning, frå Fjellsæter til Nysæter. Denne linja skulle og knyte Velledalslinja saman med den nye høgspenktlinja frå sekundærstasjonen på Haugset til kraftstasjonen på Fausa. Dermed fekk ein dobbelt ringsamband mellom Haugset sekundærstasjon og Stranda E-verk si linje frå Fausa. Arbeidet på Velledalslinja vart ferdig i 1965, og alle

dei 13 fordelingstransformatorane var då skifta ut. Linja er nå 16 km lang og har 22 000 volts driftspenning.

I 1966 var det sørestrandlinja som stod for tur. På strekninga Jarnes —Tusvik vart då linja bygd om til 22 000 volts driftspenning og forsterka til 3 x Fe Al nr. 35. Sørestrandlinja har framleis 7 500 volts driftspenning, men så snart heile linja fram til Hundeidvik er bygd om, er det planen å gå over til 22 000 volts driftspenning. Dette året vart det og sett opp eit nytt transformatoranlegg i Tjønnesstranda og ved skiheisen på Blindheim, i Høgehøane på Vik og på Hundeiide dessutan ein ny transformatororkiosk i Sandellafabrikken på Vik.

I 1967 var ein del av høgspenninglinja frå Aure til Haugset forsterka til 3 x Fe Al nr. 70, og transformatorane på Kjemphol, Lyshol og Aurdal vart skifta ut og kopla inn på 22 000 volts linja. Vidare arbeider ein nå med å føre opp 4 nye transformatororkioskar.

I samhand med desse nye høgspenninglinjene og transformatorane som ein har sett opp desse åra, har ein og lagt om og forsterka ein heil del av lågspenninglinjene. Ein kan derfor seie at det i dag ikkje finst att noko av dei linjene som vart bygde i den fyrste tida; mange av linjene er dessutan blitt ombygde minst ein gong. Talet på fordelingstransformatorar, som i 1918 var 13, i 1955 57, er nå 89, og dei har ein samla transformatorkapasitet på om lag 12 000 kVA.

## VETERANEN GUSTAV LEFDAL

fortel at han har arbeidd ved Sykkylven komm. kraftverk i 44 år. Han byrja som linjemann og installatør straks etter at verket van sett i drift i 1918 OK har sidan vore med og reist praktisk talt kvar einaste stolpe og transformator i bygda.

Han fortel vidare: Det var mangt vi ikkje forstod oss på dei fyrste åra, og vi hadde få hjelperåder, så vi laut prove oss fram og lære av røyntene vi gjorde. Det var særleg mange leinjefeil den tida. Stolpane var ikkje impregnerte, så dei gisna og trutna slik at jarna datt ned og laga jordleidning. Det var også mange kortslutningar omkrins i husa, for det vart brukt berre 6 ampers sikringar i dei dagar — og var det ein feil ein stad, måtte vi dra ut, same når det var.

— Kvar lærde du installasjonsarbeidet?

— Eg tok meg til sjølv, og det same gjorde Edvard Otterstrøm, som eg arbeidde saman med i alle år.

— Korleis var det med fortenesta?

— Vi hadde høveleg timeløn, men vi fekk ikkje betaling for vegen til arbeidsstaden den tida. Var vegen lang, hende det at vi fekk arbeide berre eit par timar om dagen, og då vart der ikkje rare forte nesta.

— Det var no ikkje ufarleg heller å vere linjemann. Var du ute for noko uhell?

— Ja, eg fekk høgspenning i meg ein gong eg arbeidde i ein stolpe på Grebstad. Edvard og eg brukte alltid å møtast og slå av krafta på høgspenninglinjene før vi drog ut på linjearbeid. Men denne gongen var krafta på ved ei mistyding. Eg fekk ein så kraftig støyt at eg uvita og vart hangande over jordleidningen oppe i stolpen. Kaghol-Johan



*Gustaf Leidal*

vart var meg og skjøna at noko var gale. Han gjekk til Aure og ringde til verket at dei måtte slå av krafta. Det var ikkje bil og telefon å trive til i kvart hus den gongen! — Eg hang der til han kom att. Fyrst då han ropte til meg, kom eg til meg sjølv. Eg greidde å fa meg ned; men eg hadde vore så hardt ute at eg gjekk som i svime lenge etterpå. Noko varande mein fekk eg likevel ikkje.

— Men du opplevde vel noko løye og?

— Ja, det var ikkje alle som hadde større tru på den elektriske krafta i byrjinga. Eg minnest ein gubbe som berre lo åt oss då vi heldt

på å reise stolpar i grenda hans. — Dukke e no væl ikkje so steintulne, kare, sa han, at dørkke trur dørkke kanj få Riksheimførsen inj jønå enj stræng?

— Kva synest du om utviklinga Rim har gått føre seg innan krafr-sektoren?

— Utviklinga har vore fantastisk. Reiskapane og materiellet er så mykje betre enn før, så arbeidet vert meir som ein leik no.

— Og krafta er blitt meir stabil?

— Det skulle eg meine; før datt ho ut både i tide og utide, kanskje helst i utide. Det var no det folk la mest merke til i alle falli

— Så greitt var det vel heller ikkje, viss krafta gjekk når kvinnfolka hadde baking føre seg? — Nei, det var eit hendelse det, kan du vite.

## SISTE UTVIDING AV RIKSHEIM KRAFTSTASJON


Det var i 1955 ein tok til å planlegge den siste utvidinga av kraftstasjonen på Riksheim. Planen var først å skifte ut det minste aggregatet på 800 kVA med eit nytt på 2 500 kVA utan å bygge på sjølve kraftstasjonen. Vidare var det tanken å legge opp ein ny og grovare røyrleidning frå inntaksdammen og ned til stasjonen.

Men då det var så lite ein kunne få att for det gamle aggregatet, om ein selde det, kom ein til at det var best å la det stå som renn Ein måtte derfor utvide stasjonen for å få plass til det nye aggregatet. Driftstyrar Sagen fann då ut at ein kunne auke maskinkapasiteten frå 2 200 kW til 3 200 kW ved å kople saman dei to stålrøyrleidningane som var der frå for. Ein ville då sleppe å legge opp nye stål» røyrer, som etter tilbod frå Kverner Brug ville koste om lag kr. 650000.00.

Kraftverket fekk då utkome til å bruke meir pengar på sjølve kraftstasjonen. Då det gamle apparatanlegget i stasjonen ikkje var driftsikkert lenger, fann ein det rettast, når ein fyrst skulle installere eit nytt aggregat, å utvide og fornye heile det gamle apparatanlegget, sjølv om dette ville føre med seg eit stort og komplisert ombyggings-arbeid. Det vart og bestemt å bygge eit særskilt transformatorrom med heisetårn for ein transformator på 2 500 kVA 207,5 kV.

Det nye anlegget vart hovudsakleg finansiert ved eit lån på kr. 700000.00 i Postsparebanken, og så snart det var i orden, kunne ein tinge følgjande utstyr til stasjonen:

- 1 stk. 3000 hk horisontal Francis Spiralturbin til kr. 275 000.00
- 1 stk. 2500 kVA synkrongenerator, 7500 V
- 1 stk. komplett nytt apparatanlegg med brann-



*Interiør frå Riksheim kraftstasjon, agagregat III på 2500 kW som vart montert i 1958*

slokningsanlegg for generator på 2500 kV A	200 000.00
1 stk. sjølvkjølt, oljeisolert transformator på 2500kVA »	50000.00
350 m trerøyrrer med ein diameter på 110 cm »	80 000.00
1 stk. 1100 mm røyrbrotventil	• 4000000
Ymse stålrørddelar	• 40 000.00

Til samankr 870 0000

Det var to års leveringstid på det meste av dette, men i mellom-tida var det mykje førebuande arbeid som måtte gjerast. Det bygge-arbeidet som ein kunne gjere utan å stoppe drifta ved stasjonen, tok til våren 1957, og vart stort sett ferdig til nyttår. Våren 1958 arbeidde ein med å utvide kanalen for avlaupsvatnet under kraftstasjonen og



*Riksheim kraftstasjon etter utvidinga i 1958*

støype maskinfundament m. m. I juni kunne ein ta til å montere den nye trerørleidningen frå inntaksdammen og ned til dei to stålrøylene. Kraftstasjonen måtte då stogge drifta. Samstundes vart dei gamle fundamentklossane under trerøyrene utvida og forsterka, og avdelinga for apparatanlegget, som var av tre, vart riven og bygd opp att i betong — i to høgder.

Den tida stasjonen var ute av drift, fekk Sykkylven kraft på rimelege vilkår frå Stranda og Tafjord. Ein måtte då montere provisoriske linjer på taket av det gamle stasjonsbygget for å halde drifta gåande på alle høgspenningane.


I september 1958 var arbeidet kome så langt at ein kunne sette i drift att aggregat 1 på 1800 kVA og ta i bruk det nye apparatanlegget. Diverre var det ikkje lenge ein fekk bruke dette aggregatet; generatoren kom i brann natta etter, og statoren vart totalskadd. Generatoren hadde vore tørkekøyrd på førehand og alle startprøvene hadde vore tilfredsstillande. Men det er aldri så gale at det ikkje er godt for noko. Assuransen gav full dekning for skaden, og verket



*Elverksjef Hermod Sagen på sitt kontor*

fekk att ein generator som var mykje betre enn den gamle; men han kom ikkje i drift før i april 1959.

Det gamle aggregatet på 800 kVA kunne ein ta i bruk att i oktober 1958, og det tok straks over leveringa av kraft på Sørstranda, medan resten av bygda fekk kraft frå Stranda og Tafjord. Monteringa av det nye aggregatet på 2500 kVA vart nå framskunda så mykje som råd var. Den nye generatoren vart kopla inn på nettet 17. november 1958, og då kunne heile bygda få kraft frå sitt eige verk att. Arbeidet var såleis fullført, utan eit einaste uhell; men det hadde vore ei travel og hektisk tid, ikkje minst for driftstyraren, som både hadde planlagt arbeidet og vore leiar for det ved sida av sitt daglege arbeid som styrar.



*Sykkylven sekundærstasjon på Haugset*

## SYKKYLVEN MED I L/L TUSSA OG VESTLANDSKE KRAFTSAM BAND

Den aukande industri og bustadreisinga i bygda sette stadig større krav til meir og betre kraftforsyning. Men skulle dette kravet bli stetta, måtte ein både få samband med nye kraftkjelder og bygge ut det lokale leidningsnettet. Etter det samarbeidet med Tafjord Kraftselskap na var i godt gjenge, var det naturleg at Sykkylven ville sikre seg kraft i framtida gjennom eit vidare samarbeid med Tafjord. Sykkylven søkte derfor om å få kome med i Tafjord Kraftselskap som eigarkommune; men då selskapet ikkje kunne rekne med å få noko kraft til overs, vart søknaden avslegen. Frå Tafjord kunne ein såleis ikkje rekne med å få meir enn dei 380 kW ein alt hadde kontrakt på.

På eit styremøte i desember 1955 vart då styreformannen, Jens E. Ekornes, og driftstyrar Sagen valde til å røkje etter om Sykkylven

kunne bli medeigar i L/L Tussa kraft. Det viste seg å vere mogleg, og etter fleire drøftingar med styret for Tussa Kraft var spørsmålet så klarlagt at ein kunne legge saka fram for kommunestyret. Det formelle vedtaket om at Sykkylven skulle gå med i L/L Tussa Kraft vart gjort på eit møte i kommunestyret den 17. mars 1956. Etter avtalen skulle Sykkylven ha rett på 9 prosent av den kraft som vart bygd ut, og av første byggesteg skulle det bli 2475 kW.

I samsvar med denne avtalen har Sykkylven gjort følgjande kapitalinvestering i Tussa Kraft:

Lutmedel .....	kr. 54 000.00
Eigenkapital .....	» 396 000.00
Del av felleslån.....	» 450000.00

Til saman kr. 900 000.00

Lutmidelen og eigenkapitalen vart løyvd over budsjettet til kraftverket i desse åra:

1956_57 .....	kr. 54 000.00
1957_58 .....	72 000.00
(derav kr. 50000 over komm.budsjettet)	
1958—59 .....	» 108 000.00
1959—60.....	» 160091.00
1961 .....	» 55 909.00

Til saman kr. 450000.00

På felleslånet er det betalt rente frå 1958 og avdrag frå 1963. Heile lånet på kr. 450000.00 skal vere betalt innan 1970. Elles har Sykkylven kommune garantert for sin del av dei lån Tussa Kraft har teke opp til å finansiere den vidare utbygginga. Pr. 31. desember 1966 utgjorde dette garantiansvaret for Sykkylven kr. 4 481 640.00.

Etter planen skulle kraftstasjonen på Bjørke vere ferdig til drift i slutten av 1960, men fyrst den 15. januar 1961 kunne dei kople

stasjonen inn på nettet. Alle eigarkommunane — bortsett frå Sykkylven — fekk då med ein gong rikeleg tilgang på elektrisk kraft. Det vart installert 2 aggregat på til saman 64 000 kVA, og årsproduksjonen vart rekna til om lag 110 mill. kWh.

Sykkylven kunne ikkje få del i Tussa-krafta før det vart bygt ei overføringslinje fram til Sykkylven. Alt i 1956 vart det derfor planlagt å bygge ei 60 kV-linje frå Haugen sekundærstasjon i Ørsta over Standal og Gjevenes til Aure i Sykkylven. Vidare var det planen å utvide Aure sekundærstasjon med ein transformator for 6020 kV og det utstyr ein måtte ha for å ta imot Tussa-krafta.

Medan dette arbeidet gjekk føre seg, var og arbeidet i gang med å skipe L/L Vestlandske Kraftsamband, som skulle ha til oppgåve å bygge, eige og drive stamlinjer mellom Tafjordområdet og Sognefjorden. Laget vart konstituert på eit møte i Ålesund den 17. desember 1959. Frå Sykkylven møtte Jens E. Ekornes og driftstyrar Sagen. Sykkylven kom med i Vestlandske Kraftsamband med ein lutmidel på kr. 10000.00, og har dessutan ytt eit rentefritt lån på kr. 30000.00 til sambandet.

Planen til Vestlandske Kraftsamband var å knyte saman dei største kraftstasjonane mellom Sognefjorden og Tafjord-området med ei stam-linje, og då det hasta med å få bygt linja frå Tussa til Sykkylven, måtte ein bygge linjesektoren Haugen—Sykkylven—Giskemo fyrst. Denne linja skulle knyte Tafjord, Sykkylven og Stranda til resten av samkøyringsnettet på Sunnmøre og i Sogn og Fjordane. Linja er 61 km lang og er bygd på stålmaster med faselinjer av 150 mm<sup>2</sup> feral. Drift- spenninga er 132 000 volt.

I samband med denne stamlinja måtte Sykkylven bygge ein større sekundærstasjon som kunne ta imot Tussa-krafta og gi Sykkylven og Stranda høve til å utveksle meir kraft. Med Vestlandske Kraftsamband vart det då gjort ein avtale, som gjekk ut på at Sykkylven komm. kraftverk skulle bygge og eige 22 kV-anlegget med apparatanlegg og kontrollhus, medan Vestlandske Kraftsamband skulle koste hovudtrans-formatoren og utandørsanlegger.

Etter avtalen med Stranda E-verk skulle Stranda få varande rett på kraftutveksling gjennom denne stasjonen mot å ta på seg 40 prosent av anleggskostnaden og bere 50 prosent av dritsutgiftene. Det vart då



*Historisk augneblikk for Sykkylven den 19. mars kl 19.36: Elverksjef Sagen» trykkjer på ein knapp på instrumenttavla i Sykkylven sekundærstasjon, og innfasinga med Tussa Kraft er eit faktum. — Bak Sagen står kontrollarar Jon Welle, ing. Steinekker, ing. Gule og ing. Gjerstad*

kjøpt ei lagleg tomt på 5,5 mål på Haugset, og i desember 1960 kunne ein ta til å planlegge byggearbeidet.

Arbeidet i marka byrja i mai 1961, og den 14. juli kunne ein legge grunnsteinen til apparat- og kontrollhuset. I oktober var arbeidet kome så langt at ein kunne ta til å montere det elektriske anlegget, og ved årsskiftet 1961—62 stod det berre att å montere ein del av anlegget utandørs.

Så var den nye hovudtransformatoren ventande. Det var ein koloss på 31 tonn, og mange var redde for at vegane og bruene ikkje skulle halde. For å trygge transporten måtte ein då forsterke og utvide Gamlebrua og vegen frå Eimsreiten til Haugset.

Det var folkesamt på Aurekaia den dagen M.s «Vestkraft» kom sigande inn til bryggja med den nye transformatoren om bord. For dette var ein sjeldsynt transport! — Båten opna seg i baugen, og ein spesialbygd bil køyrde transformatoren på land. Det vart ei spanande ferd

— men Gamlebrua heldt! — og etter eit par timar var bilen komen fram. Nokre dagar seinare kom hovudbrytaren til trans ormatoren, og dermed vart alt materiellet på plass.

Monteringa var ferdig den 1. mars, men ein kunne ikkje ta anlegget i bruk før Haugen sekundærstasjon i Ørsta var klar til drift. Endeleg — den 19. mars 1962, kl. 19,36 — var tida komen for innfasinga med Tussa. Eit trykk på ein knapp og eit utal av visarar på instrumenttavla slo ut og fortalde om nye krefter i leidningane. Det var 3000 kW Tussakraft som strøymde på! — Men det var ikkje ein dag for tidleg, for Storevatnet var heilt nedtappa og snøsmeltinga var enno langt unna.

Sidan Tussa Kraft kom i drift, har selskapet stendig arbeidd med å utvide magasina og nedslagsfeltet. Den gjennomsnittlege årsproduksjonen har derfor stige jamt dei siste åra, og etter at det såkalla takrenne-prosjektet vart ferdig hausten 1966, er han sett til 200 mill. kWh.

Etter kvart som utbygginga har skride fram, har då eigarkommunane fått høve til å tinge meir kraft, og det har dei og gjort. Frå 1965 til 1968 vil Sykkylven ha auka kraftkvoten sin fra 2935 kW til 5180 kW.

Kraftuttaket over transformatoren på Haugset har såleis auka frå år til år, og i januar 1967 var det 7000 kW. Stasjonen har førebels ein transformator på 10 MVA, men der er plass til to transformatorar på 15 MVA, så overføringskapasiteten skulle vere sikra for lange tider framover. Sekundærstasjonen på Haugset er nå den viktigaste kraft-formidlaren for Sykkylven og Stranda. Han er såleis ein livsnerve i næringslivet i desse bygdene.

## ÅRA SOM KJEM

Som ein har sett, er det i etterkrigsåra det har vore sterkast utvikling innan den elektriske sektoren i kommunen. Det heng sjølvsagt saman med den utviklinga som har gått føre seg i næringslivet i bygda denne tida, og som kraftverket på sitt vis har vore med og gjort mogleg.

Ettersom det ser ut til at denne utviklinga vil halde fram, er det grunn til å tru at behovet for elektrisk kraft vil kome til å auke i åra som kjem. Kraftverket vil derfor sjå det som si oppgåve å syte for at bygda får tilført den elektriske kraft som trengst til ei kvar tid.

Det vert då ei viktig oppgåve å bygge ut leidningsnettet slik at det kan stette dei krav til effektiv kraftforsyning som det moderne samfunn set. Som eit ledd i dette arbeidet lyt ein koste nye fordelinga transformatorar og sette opp nye kioskar åt dei, for dei vil etter kvart utgjere så store einingar at ein må plassere dei i hus. Vidare må ein bygge ut ringsambandet mellom fordelingskioskane med jordkablar for å trygge drifta.

Auka tilgang på elektrisk kraft må ein rekne med å få i samarbeid med Tussa Kraft; men ein vil også prøve å nytte betre ut dei anlegg ein har innan kommunen. Såleis er ein nå i ferd med å røkje etter om det vil svare seg å bygge ei større demning ved Storevatnet.

# KRAFTSTASJONEN Av

*Rolf Sagen*

(Tileigna Sykkylven kommunale Kraftverk)

*Skodd syg dei svarte tindane Brear  
kjøler dei reintørde strender kring nakne  
steinute vatn*

*Langt nedunder våte bjørkelier  
ved fjordens logne arm  
står kraftstasjonen  
i sitt eige tordnande vassbrøl  
kantut grå*

*— Kom varleg hit inn, du veike  
Her er ikkje mannemål høyr  
Her pumpar ditt vesle hjarta ein  
reddsmygar-straum  
Hald unnan for den som er herre!*

*Det er kreftene frå dei ville høgder  
Dei vrinsket, riv i sin sele og  
stålspende temjartaum*

## ORGANISASJON OG ADMINISTRASJON

Sykkylven kommunale kraftverk er Sykkylven kommune sin eigedom. Verket er organisert og administrert etter styringsreglar som er vedtekne av kommunestyret.

### *Styret*

Kraftverkstyret er valt av kommunestyret og er på 5 medlemmer med personlege varamenn.

I 1967 var desse med i styret: Per Kroka, formann, Olav L. Ramstad, nestformann, Leif Holen, Hjalmar Brunstad og Nich. Mørkeseth.

### *Personalet ved kraftverket er nå:*

Elverksjef, driftsassistent, kontrollør, kontordame, maskinist, reservemaskinist, linjeformann, 2 faste linjemontører og til vanleg 2—3 hjelpearbeidarar.

Kraftverket har sine kontor i kommunehuset på Aure, som vart bygt i 1952. I same huset har kraftverket og verkstad og lager for små-materiell og verkty.

Rekneskapen til kraftverket vert førd av kommunekasseraren .

## NEMNDER OG STYRE

*Fossenemnda* frå 16. april 1913 til 22. oktober 1915: Ole Strømme, Ole P. M. Blindheim, Tomas Stave, P. C. N. Aure og Karolus Drabløs.



*Kraftverkstyret i 1967, Sitjande frå venstre: Olav L. Ramstad, Elverksjef Hermod Sagen og styreformann Per Krokå  
Ståande frå venstre: Leif Holen. Nic. Mørkeseth og Hjalmar Brunstad.*

*Byggenemnda* frå 22. oktober 1915 til 30. april 1920: Ole Strømme, Johan O. Erstad, Karolus Drabløs, Tomas Stave og E. Frøysa. Dessutan B. Aursnes og Ole P. M. Blindheim frå 24. mai 1918.

*Det fyrste styret* — valt 30. april 1920: Johan O. Erstad, formann, Bastian Aursnes, nestformann, Petter J. Tynes.

*Desse har vore med i kraftverkstyret:*

Elling Ekornes 12. april 1926—31. desember 1937. Formann 1. januar 1935—31. desember 1937.

Fredrik Drabløs 12. april 1926—31. desember 1958.

M. Lillevik 1. januar 1933—1. januar 1946. Formann 1. januar 1937—1. juni 1945.

J. E. Ekornes 1. januar 1938—1. januar 1960. Formann 8. juni 1945 —31. desember 1959.

Lars Myhre 1. januar 1946—31. desember 1948.  
Sevrin J. Grebstad 1. januar 1949—31. desember 1962.  
Olav L. Ramstad 1. januar 1956—  
Hjalmar Brunstad 1. januar 1959—. Formann 1. januar 1963—31. desember 1965.  
Petter Kursetgjerde 1. januar 1960—31. desember 1962.  
Knut Drabløs 1. januar 1960—31. desember 1963. Formann 1. januar 1960—31. desember 1962.  
Nicholai Merkeset 1. januar 1963—  
Harald Aurdal 1. januar 1963—31. desember 1965.  
Leif Holen 1. januar 1964—. Formann 1. januar 1966—31. desember 1966.  
Per Kroka 1. januar 1966—. Formann 1. januar 1967—  
*Varamenn:* Johan P. Ekornes, Fredrik Fer, Lars P. Erstad, Andreas L. Aure d. e., Karl Ramstad, Olav O. Brunstad, Ole Aursnes, B. R. Tynes, Fridtjof Fredriksen, Bernt Fauske, Sigvart Strøm, Selmer Aure, Ole J. Løvold, Alfred Klokk, Per Langland, Webjørn Aarhus.

## KRAFTVERKET SINE *EIGEDOMAR*

### *Riksheim kraftstasjon*

Maskinkapasiteten i stasjonen er nå:  
Aggregat 1 på 1800 KVA, montert i 1947 Aggregat 2 på 800 KVA, montert i 1925 Aggregat 3 på 2500 KVA, montert i 1958 Til saman 5100 KVA eller om lag 4400 KW. I kraftstasjonen er det ein hovudtransformator på 2500 kVA 7500/22000 V.

### *Magasin og nedslagsfelt*

Storevatnet, hovud magasinet til kraftverket, har ei flatevidd på 0,436 km<sup>2</sup> og ligg 750 m o. h. Vatnet er oppdemt 3 m og har ein senkingstunnel, slik at den samla reguleringshøgda er 26,5 m.

Saman med Andre- og Tredjevatnet, som også er delvis regulerte, har ein eit reguleringsmagasin på om lag 8 mill. m<sup>3</sup>.



*Det nye lagerbygget på Haugset, oppført i 1966*

Nedslagsfeltet for dette magasinet har tidlegare vore rekna til om lag  $4 \text{ km}^2$ , men etter at det nå er kartlagt, viser det seg å vere  $6,6 \text{ km}^2$ .

Mellom Storevatnet og inntaksdammen, som ligg 300 m o. h., er nedslagsfeltet om lag  $10 \text{ km}^2$ . Samla nedslagsfelt er om lag  $16 \text{ km}^2$ , og ein kan rekne med eit middels årleg avlaup på  $20 \text{ mill m}^3$ . Inntaksmagasinet er på om lag  $150\,000 \text{ m}^3$ , og fallhøgda er 250 m.

#### *Aure sekundærstasjon*

Aure sekundærstasjon vart bygd i 1953, og der vart då installert 2 stk.  $22\,000,7500$  volt transformatorar på 1000 KVA kvar. I 1965 vart ein ny transformator på 2000 KVA sett i drit i stasjonen.

#### *Sykkylven sekundærstasjon, Haugset*

Denne sekundærstasjonen kom i drift den 19. mars 1962. Eigedoms-tilhøva er slik at Sykkylven komm. kraftverk eig  $22 \text{ KV}$ -anlegget med apparat- og kontroll huset. Stranda E-verk har varande rett til å nytte

stasjonen og tar del i kostnaden med 40 prosent. Vestlandske kraftsamband eig hovudtransformatoren og 132 KV-anlegget.

#### Nytt lagerbygg på *Haugset*

I 1964 kjøpte kraftverket ei tomt på 2 dekar på Haugset. På denne tomte er det opparbeidd lagerplass til stolpar og eit lagerbygg på 150 m<sup>2</sup> til transformatorar og grovare linjemateriell. I 1967 vart tomte utvida med 2 dekar.

#### Hytte ved *Storevatnet*

I 1966 vart det bygt ei hytte ved Storevatnet. Den gamle hytta, som ikkje høvde til vinterhytte lenger, er overdregen til Sunnmøre Turist-forening. Kraftverket har elles ei hytte ved inntaksdammen.

#### Fordelingsnettet

Høgspenlinjer 20 000 voll	54, km
Høgspenlinjer 7 500 volt	52,7 km
	<hr/>
	Til saman 106,7 km
Høgspente jordkablar	7,5 km
Lågspente jordkablar	8,5 km
Lågspenlinjer (luftlinjer)	170,0 km

#### *Fardelingstransformatorar i drift* 31. desember 1967:

##### I friluftsmaster:

1 stk.	a	10 KVA	sum	10 KVA
3 stk.	a	20 KVA	sum	60 KVA
3 stk.	a	3C KVA	sum	150 KVA
4 stk.	a	40 KVA	sum	160 KVA
13 stk.	a	50 KVA	sum	750 KVA
7 stk.	a	75 KVA	sum	525 KVA
28 stk.	n	100 KVA	sum	2800 KVA
5 stk.	a	150 KVA	sum	750 KVA

---

68stk sum 5205 KVA

I kioskar:			
2 stk.	a	50 KVA	sum 100 KV
1 stk.	a	75 KVA	sum 75 KV
2 stk.	a	100 KVA	sum 200 KVA
3 stk.	a	200 KVA	sum 600 KV
3 stk.	a	250 KVA	sum 750 KV
4 stk.	a	300 KVA	sum 1200 KV
6 stk.	a	500 KVA	sum 3000 KV
			A
2 stk			sum 5925 KVA

Til saman 89 stk. transformatorar med ein samla kapasitet på 11 130 KVA.

#### *Gate- og veglys*

Det er fyrst i den siste 10 års bolken det har kome noko plan i arbeidet med å bygge ut gate- og veglys i bygda. For 10—15 år sidan var det såleis berre nokre få veglys-lampar ved ein del bruer og andre utsette stader.

Pr. 31. desember 1966 var det sett opp til saman 357 stk. veglys-lampar rundt om i bygda. Av desse er 77 stk. monterte på stålmaster med jordkabel-samband, og 280 stk. på vanlege impregnerte tremaster. 177 stk. lampar vert styrde av fotosellebrytar, og 180 stk. er for det meste enkle lampar med vanleg brytar.

Men det står enno mykje att før ein har fått bygt ut gate- og veglyset slik som det burde vere. I haust har ein derfor arbeidt ut planar for veglys på dei mest aktuelle stader i bygda — med i alt 282 stk. nye lampar til ein samla anleggskostnad på kr. 112 970.00. Det er å vona at ein kan få realisert desse planane innan få år.

#### *Abonnement*

Talet på abonnentar var pr. 31. desember 1966: 2 270.

#### *Tilsette ved Sykkylven komm. kraftverk ved utgangen av 1967*

Hermod Sagen frå 1955 Elverksjef.

Per Aursnes frå 1952 Driftsassistent.



*Sykkylven komm. kraftverks personale i 1967,  
 Sitjande frå venstre: Kontorfullmektig Kirsti Gjerde, elverksjef Hermod Sagen, maskinist Johan Listhaug og kasserar Lydia Gjerde  
 Ståande frå venstre: Linjeformann Odd Midtlid, linjemontør Marvin Nicholaisen, linjemontør Jon Riksheim, driftsassistent Per Arne Aursnes, kontrollør Jon Welle og reservemaskinist Per Riksheim*

Jon Welle frå 1956 Installasjonskontrollør.  
 Johan Listhaug frå 1963 Maskinist.  
 Per Riksheim frå 1962 Reservemaskinist.  
 Odd Midtlid frå 1952 Linjeformann.  
 Jon Riksheim frå 1940 Linjemontør.  
 Marvin Nicholaisen frå 1956  
 Linjemontør. Kirsti Gjerde frå 1952  
 Kontordame.

*Tidlegare tilsette ved verket*

Per Solheim 1916—1920 Driftstyrar. (Døydde 27. desember 1963). Peder N. Frøysa 1920—1935 Driftstyrar. (Døydde 30. mars 1935). Ludv. Hole 1935—1948 Driftstyrar. Robert Scott Dahl 1948—1955 Driftstyrar.

Petter J. Riksheim 1918—1923 Maskinist. (Døydde 1925). Johan P. Riksreim 1923—1954 Maskinist. Endre Thorheim 1954—1959 Maskinist. Sivert Kalvatn 1959—1960 Maskinist. Thorbjørn Ålvik 1960—1963 Maskinist. Gustav Lefdal 1918—1962 Linjemontør. Petter Fylling 1930—1961 Linjemontør (Døydde 14. april 1962). Edv. Otterstrøm 1918—1946 Linjemontør. (Døydde 14. febr. 1946). Fredrik Drabløs arbeidde med linjebygging i ymse periodar. Ole Hjorthol arbeidde med linjebygging i ymse periodar. Petter Hole arbeidde med linjebygging og inst.arbeid. Sverre Ulvestad 1948—1954 Kontrollør. Utanom desse er det fleire som har arbeidt ved kraftverket i kortare periodar.

## ELDRE STRAUMTARIFFAR

Det har vore mange ulike tariffar for sal av straum til abonnentar i desse 50 åra.

I den fyrste tida vart det selt straum til ein fast årspris pr. lampe, og prisen var til lys:

k'r. 2,00 pr. lampe på 10 normallys (eit normallys vert rekna til 1,2 Watt).

Kr. 3,00 pr. lampe på 16 normallys.

Kr. 4,00 pr. lampe på 20 normallys.

Alt pr. år.


Til motordrift kr. 65,00 pr. hk pr. år.

Til varme OK koking kr. 30,00 pr. hk pr. ar; men etter malar kr. 0,20 pr. KWh.

Frå 1932 vart det innført fast årspris for straum som var målt med vippe, og prisen var kr. 60,00 for 150 Watt og noko billegare for større tinging. Det vart også selt straum på målar til verksemder for kr. 20,00 pr. KW -f- 10 ore pr. KWh.

Desse tariffane var i bruk til 1949, då ein tok i bruk ein såkalla overforbrukstariff. Til verksemder vart då prisen kr. 200,00 pr. KW/år og 10 ore pr. KWh for overforbruk.

Til hushald var prisen kr. 145,00 pr. KW-år og 4 øre pr. KWh for overforbruk. Der var også høve til å få rein KWh-tariff etter 10 ore pr. KWh til verksemder og 4 øre pr. KWh til vanlege bustader. Seinare har tariffane vorte endra i 1957, 1962 Og i 1966.



Oversikt over straumsalet gjennom 50 år.

*KJELDER:*

Nokre statistiske opplysningar er henta frå:  
Svein Grebstad: «Industrireisninga i Sykkylven», Norsk Geografisk Tidsskrift  
1951— 52. Sjå elles «Føreord».




## TIDA ETTER 1968

### „ÅRA SOM KJEM».

På side 57 i jubileumsheftet frå 1968 står det om åra som kjem. Avsnittet inneheld også ein spådom om vidare utbygging av kraftforsyninga.

### «ÅRA SOM KOM».

Utviklinga av næringslivet i kommunen heldt fram også etter jubileumsåret 1968. Kravet til stabil og sikker kraftforsyning auka. Forbruket som i 1960 var 17 mill. kWh, var i 1970 auka til 38 mill. kWh. På slutten av 60-talet laga vi ein plan for vidare utbygging av linje- og kabelnett. Dei gamle 7.5 kV-linjene skulle utskiftast med 22 kV forsyning. Dei ulike delane av bygda skulle få sine tilførselslinjer. Senteret for tilførsel av kraft utanfrå var Sykkylven sek.stasjon på Haugset. Strekninga Aursnes—Grebstad—Eidem skulle få eiga forsyning over linje og kabel frå Haugset. Denne vart bygd ferdig i 1974.



*Hjellegjerde fabrikk 1960.*

Aure-området skulle tilknytast linja langs Aureelva med overgang til kabelnett frå Storhalla til sentrumsområdet. Denne forsyninga skulle ha kablar til Ullavik— Nakkegata—Høgebøane, og via sjøkabelen til Ikorntnes. Arbeidet med dette er i 1987 på det næraste ferdig. Kabelen til Ullavik er lagt fram til Aure gamle bru. men vil bli fort vidare til Ullavik i 1988.


For områda Tynes—Straumgjerde—Velledalen måtte det byggast ei ny linje bak Aurenakken, parallelt med 132 kV-linja. Det var også viktig at vi kunne få straum frå linja i Nysæterdalen. via Fjellsætra og vidare nedover Velledalen.

Linja bak Aurenakken vart bygd i 1973. Reservesambandet for Velledalen vart sikra ved hjelp av Stranda si linje frå Haugset, via Sundalen til Ny sætra.

For Vike-området var det planlagt ein kabelring frå Vikedalen, via Nakkegata til Vestlandske, og vidare innover til Vikøyra med kabel til Helledalen. Denne ringen var ferdig i 1980.



*Hjellegjerde Fabrikker 1987,*



*Vikedalen. 132 KV inn – 20 KV ut*



*Sætre – Hellen 1987*



*Kiosk for kraft- og Televerket. Bygd på plassen i 1977,*

*IA*

Straumgjerde var planlagt med forsyning frå linje Riksheim—Straumsheim med kabel til Velledalslinja. Ein del kablar for 22 kV er lagt ned i området, men forsyninga er framleis frå 7.5 kV-nettet. Sørestranda skulle få sikra sin straumtilførsel med betre linjer til Riksheim kraftstasjon. Dessutan var det planlagt ein sjøkabel frå Haubukta ved Vestlandske til Jarnes ved Jarnes & Kroka. Sambandet vidare skulle gå via industriområdet på Ikornnesøyra opp til Sørestrandlinja. Det var også planlagt ein kabel utover til Jarnes. Det meste av dette er no ferdig. Sjøkabelen vart lagt i 1977. Berre kabelen til Jarnes står att. Sørestrandlinja heilt til Hundeidvik skulle skiftast. Linja til Jarnes er skifta til 22 kV. Frå Jarnes til Hatlemark vil den bli skifta i 1988. Resten vil bli skifta dei næraste åra.

Søvikdal—Ramstaddal. Straumforsyninga her var ny. Reservesambandet over Nysetra var viktig. Vi har no sikra oss Stranda si 22 kV-linje frå Haugset til Rishaugen, og vil truleg få til fjernstyring av brytarane ved Nysetervatnet for raskt å kunne kople over ved linjefeil. Planen for linje- og kabelnettet var stor og omfattande. Nokre av detaljane har vi endra på. Kabeldimensjonane er blitt justert opp, men i grove trekk er planen frå 1968 blitt følgt. Dette har kravd store investeringar, men den har gitt oss ei betre og sikrare kraftforsyning. Arbeidet med opprustinga vil bli ført vidare i åra som kjem.



*Kiosk ferdig; frå fabrikk. 1987,*

## PRODUKSJON.


Kraftstasjonen på Riksheim har vore i vanleg drift med mindre reparasjonar på lager o.l.

Vinteren 1978—79 fekk vi frostskade på den gamle rørgata frå 1918. Den vart erstatta av ei ny, som kom i drift i januar 1981. Same året fekk vi også overslag i viklingane på gen. III.

Den vart send til Oslo for reparasjon.

Inntaksdammen har hatt til dels store lekkasjar. Tetting med torv har vore prøvd, men etter nokre år auka lekkasjen igjen. Seismiske prøver i 1977 viste at djupna ned til fjell under dammen varierte frå 5 til 20 m. Reparasjon av inntaksdammen tok til sommaren 1983.

Det vart bygd anleggsvveg frå Erstad. Sjølve tetningsarbeidet vart meir omfattande enn



*Reparasjon på inntaksdam*



*Reparasjonen nesten ferdig. Forskalinga på siste støypen måtte sjå over vinteren.*

planlagt. Avstanden frå overløpet og ned til fast morenemasse var 9 m. Vi fekk vanskar med flaumvatn og måtte grave ei 10 m djup omløpsgrøft for å få gjort jobben. Det er no solid armert påstøyp i fronten av dammen. med nye rister for turbinledningane, og ny tappeventil i staden for dei gamle lukene. Tettinga framfor påstøypen er god morenemasse. Dammen er no tett.

#### STOREVATNET.

Den gamle steindammen har lekkasje. Her vert det no vurdert tetting og eventuell høgare dam. Betongbygget framfor tunnelopninga er utsett for forvitring. Eit reparasjonsarbeid er i gang hausten 1987. Dei gamle trerøra frå ventilane og ut av tunnelen vil bli skifta. Det er også planen å setje inn ein ny ventil som kan fjernstyrast.

På side 26 til 32 finn vi ei dramatisk skildring av arbeidet, og ikkje minst vanskane etter gjennomslaget av tunnelen i 1942. I 1950 vart det lagt ned



*Opprensning framfor tunnelopning. Jon Ivar Mork ved tunnelopninga.*

jernrør frå tunnelen og innover i vatnet. Seinare la vi plastrør inne i desse jernrøra. Likevel var det fare for at nedrasing av masse kunne presse saman røra og tette tunnelen. Ei opprensning var ynskjeleg.

Arbeidet vart utført med beltegåande gravemaskin våren 1985. Vi har no open kanal framfor tunnelopninga. Dette auka tappehøgda ca.3 m, og gir oss nye 200.000 kWh i kraft kvar vinter. Fjellet rundt tunnelopninga er no reint. Litt bittert var det å sjå kor uheldig dei var med utslaget i 1942. Dei kom ut i eit «dalføre» i fjellet med mykje morenemasse. Hadde dei kome 5—6 m lenger sør, ville dei ha hatt fast fjell nesten heilt fram i vatnet. Fallet frå Storevatnet til Framsætra lenger nede i dalen er ca. 350 m. Ei vidare utbygging av Riksheimvassdraget med ny kraftstasjon oppe i dalen og opprusting av eksisterande anlegg er under vurdering.



*Opprensninga ferdig. Biletet vise kanalen inne i vatnet*

#### RAMSTADDAL KRAFTSTASJON.


Dette er eit samarbeidsprosjekt med vassverket. Turbinleidninga er felles med vassverket. Fallhøgda er 390 m. Midlere årsproduksjon er 3.5 mill. kWh. Stasjonen kan styrast etter innstilt program, og gir varsel om feil til Tussa sin driftssentral på Haugen. Det kan bli aktuelt å starte og stoppe stasjonen ved fjernstyring.

#### KRAFT-TILFØRSEL UTANFRÅ.

Frå Stranda har vi i samarbeid med reguleringa av Nysætervatnet rett til konsesjonskraft på 1.4 mill. kWh. Som medeigar i L/L Tussa Kraft har vi også tinga fastkraft som i 1986 var på ca. 78 mill. kWh. Denne fastkrafta er delt på sommar og vinterkraft. Stor eigenproduksjon gjer at vi har overskot på sommarkraft. Vinteren derimot, må vi kjøpe tilfeldig kraft etter marknadspris.




*Ramstaddal. Vassverk og kraftstasjon.*



*Turbin, generator og tavle*

I 1986 utgjorde eigenproduksjonen 21.7 mill. kWh, som er 22.7% av totalforbruket. Resten, 75 mill., var kjøpt utanfrå. Totalforbruket i 1986 var 96.7 mill. kWh. Denne utvekslinga av kraft skjer gjennom Sykkylven sek.stasjon på Haugset. Frå 1974 er det Møre og Romsdal kraftselskap som eig transformatorane og 132 kV-nettet.

Transformatoren frå 1962 på 10 MVA (10.000 kVA) vart for liten. Ein ny på 30 MVA vart innsett i 1974. Reservetransformatoren på 30 MVA kom på plass i 1983 i staden for den gamle frå 1962. Kapasiteten i stasjonen er no 60 MVA. Forbruket i Sykkylven var vinteren 1987 27 MVA. Om vi får havari på ein trafo, har vi likevel 100% dekning, også utan egne kraftstasjonar. Dette kostar sjølv sagt i form av trafoleige, men er heilt naudsynt i ein industrikommune som vår. Sjølv om vi utvidar eigenproduksjonen i Riksheim kraftstasjon og bygg ny kraftstasjon ved Framsætra, må vi rekne med å kjøpe mesteparten av krafta utanfrå. Som leveringsstad vil Sykkylven sek.stasjon stå sentralt i denne formidlinga.



*132 KV utendørsanlegget på Haugset. Transformatorane i bakgrunnen..*

#### EIGE HUS TIL KRAFTVERKET.

Oppgåvene auka for kraftverket, og nye medarbeidarar kravde meir plass både på montør- og kontorsida. Plassen på kommunehuset vart for liten, og vi vurderte eit påbygg, men eit anna alternativ der vi kunne samle heile kraftverket sin aktivitet under same tak, viste seg å gi den beste løysinga. I slutten av 1983 hadde kraftverket forhandlingar med Norsk Profilforming A/S om kjøp av bygg på Aure. Forhandlingane vart slutførde i januar 1984. Montøravdelinga flytta i februar 1984. Vi ominnreidde huset og fekk plass til kontor, møterom, arkiv og fellesrom på til saman 500 m<sup>2</sup> Dessutan leiger den vidaregåande skulen rom for laboratorium og kontor til saman 200 m<sup>2</sup>. I august 1985 vart administrasjon- og montøravdelinga samla i same huset. Dette har gitt ei rasjonell løysing og trivelege arbeidsforhold.

## NYE HJELPEMIDLAR.

Linjearbeid og anna anleggsarbeid var ofte eit slit for montørane. Etter kvart, fekk vi nytt og effektivt utstyr — kran på bilane, vinsj og gravemaskinutstyr for stolpeoppsetting letta arbeidet. Nytt og betre kiosk materiell gav sikrere koplingsutstyr. Releovervaking og teknisk utstyr for feilvarsling er til god hjelp i feilsituasjonar. Inne på kontora kom datautstyr i bruk. Frå 1970 starta vi med holkort. Det har utvikla seg til moderne EDB-system for abonnement, installasjonskontroll, rekneskap og løn. På eigne mikromaskinar har vi bygd teknisk arkiv. Skriveprogram, rekneark og program for linjedimensjonering er blitt nyttige og effektive hjelpemiddel. Utviklinga av bygdesamfunnet har gitt endringar i fordelingsnett, kapasitet og forbrukarmønster. Her er nokre tal om tekniske anlegg, abonnement og forbruk som understrekar dette. Høgspenst fordelingsnett.

	1968	1986
Høgspenstlinjer.22.kV	54 km	62 km
Høgspenstlinjer 7.5 kV	52.7 km	38.9 km
Høgspente.jordkablar	7.5 km	33.8 km
Lavspente.jordkablar	8.5 km	69.6 km
Lavspente luftlinjer	170 km	203.2 km
Fordelingstransformatorar	89 stk.	162 stk,
Trafoyting	5.925 kV A	42.290 kVA
Antal abonnentar	2.400 stk	3.200 stk.
Straumproduksjon totalt	31 mill. kWh	96.8 mill. kWh
Straumforbruk pr. abonnent	12916 kWh	30250 kWh
Straumforbruk pr. innbyggjar	5249 kWh	14277 kWh
Tapsprosent	15.8%	10.2%
Antal tilsette	10 årsverk	22 årsverk
Leverte kWh pr. årsverk	3.1 mill.	4.4 mill.



*Forsterking laspent kabelnett. Frå venstre: Oddvar Aursnes, Arvid Skinnes og Magne Nilsen.*

1976, Då vart det utvida til 7. Ein av desse vart  
vald frå og av dei tilsett»

I 1987 er desse med i styret:

Fridtjof Drabløs, formann	1974— formann frå 1982
Annbjørg Rausand, nestformann	1976—
Olav J. Sandvik	1968-1972 1975 -
Karl J. Welle	1975—
Kirsten Løseth	1976—
Torbjørn Aasen	1985—
Jens Petter Fylling	1986—

I tillegg til noverande styre, har desse vore med etter 1968:

Leif Holen	1964-1973
Per Krokå	1966—1975 Formann til 1975
Leif Ramstad	1968—1982 Formann frå 1976
Hjalmar Brunstad	1972—1974
Jørgen Midtgård	1972—1975
Ole .J. Sætre	1976—1979
John P. Riksheim	1976—1979
Bjarne Flisnes	1980—1983
Oddvar Rieve Kristiansen	1980—1985
Odd Sætre	1980—1986

Hermod Sagen heldt fram som elverksjet til 1983. og gjekk då av etter 28 år i kraftverket si teneste.

Montør Odd Midtlid vart pensjonist etter 27 år.

Montør John P. Riksheim vart pensjonist etter 47 år.

I 1983 vart Per Aursnes tilsett som elverksjef etter å ha vore konstituert i eit år.



*Kraftverkstyret i 1967. Sitjande frå venstre. Annbjørg Rausand, Karl J. Welle, Jens Petter Fylling. Torbjørn Aasen. Kirsten Løseth, Olav .J. Sandvik.. Ståande frå venstre: Elverksjef Per Aursnes og styreformann Fridtjof Drabløs.*



*Hermod Sagen , elverksjef 1955- 1983.*

Desse har vore fast tilsette i perioden 1968 til 1987 i lenger eller kortare ti-

.Jon Welle, installasjonsinspektør	1956—1979
Jan Hildre, maskinist	1972—1977
Oddbjørn Lianes, maskinist	1977—1978
Gunnar Bjørstad, montør	1973—1979
Jarle Akre, installasjonsinspektør	1.1.—31.5.80
Alf Helge Solberg, installasjonsinspektør	1977—1980
Ingunn Nygard Klokk, økonomileiar	1986—1987
Gerd Marøy, fullmektig	1975—1983
Roger Klokk, fagarbeidar	1984—1986

TILSETTE VED SYKKYLVEN KOMM. KRAFTVERK,  
ADMINISTRASJON OG DRIFT.

Per Aursnes. Elverksjel frå 1983.	Tilsett 1952.
Bjarne Flisnes. Avd.ing. I.	Tilsett 1971.
Jens Petter Fylling. Driftsing. frå 1983.	Tilsett 1974
Halvard Hjorthol. Driftsass.	Tilsett 1987.

«KONOMI OG AB.

Lise Løseth	Økonomileiar.	Tilsett 1987.
Kirsti Gjerde	Fullmektig. S.	Tilsett 1952.
Bente Aure	Fullmektig. S.	Tilsett.

TILSYN.

Oddmund Vik	Overinspektør.	Tilsett 1980.
Bernt Haugseth	Installasjonsinspektør.	Tilsett 1980.
Marvin Nikolaisen	Målarcontr./mont.	Tilsett 1956. 1/2 st.
Wenche Leira	Fullmektig. S. 1/2 st.	Tilsett 1983.

MONTØRAVDELING

Per Ove Tafjord	Overmontør	Tilsett 1974.
Jan Nødset	Montørførmann.	Tilsett 1982.
Magne Nilsen	Montørførmann.	Tilsett 1979.
Torstein Ulset	Montørførmann.	Tilsett 1978.
Eilif Henriksen	Montør.	Tilsett 1984.
Arvid Skinnnes	Montør.	Tilsett 1983.
Rolf Tafjord	Fagarbeidar.	Tilsett 1964. 1/2 st.
Oddvar Aursnes	Fagarbeidar.	Tilsett 1982.
Jan Otto Fausa	Fagarbeidar.	Tilsett 1984.
Leiv Alnes	Fagarbeidar.	Tilsett 1986.

REINHOLD.

Ingunn Gjersdal            Reinhaldar.            Tilsett 1984.

PRODUKSJON.


Per Riksheim            Maskinist.            Tilsett 1962. 1/2 still.

Jon Ivar Mork            Maskinist.            Tilsett 1978.

ÅRA SOM KJEM.

I etterkrigstida har det vore ei sterk utvikling frå det gamle bondesamfunnet fram til eit meir industrialisert bygdemiljø. Dette har stilt større krav til kraftforsyninga, ikkje minst med tanke på sikker levering. Arbeidet med utbygging av den tekniske delen vil nok gå etter våre langtidsplanar,

På organisasjonssida vil vi truleg få ei meir omfattande endring. Ei samanslåing til Sunnmøre Energiverk med lokale sjølstyrte avdelingar er skissert som ei løysing. Vi som arbeider med kraftforsyning i dag, ser med interesse på dei nye tankane og ideane, og ynskjer ei lys framtid for elforsyninga i bygda.



*Elverksjef Per Aursnes på sitt kontor.*




*Dei tilsette i kraftverket i 1987.*

*Frå venstre: Per Aursnes, Wenche Leira, Jens Petter Fylling, Bente Aure, Ingunn Gjersdal, Lise Løseth, Kirsti Gjerde, Bernt Haugseth, Jon Ivar Mork, Per Riksheim, Halvard Hjorthol, Bjarne Flisnes, Per Tafford, Oddmund Vik, Jan Otto Fausa, Rolf Tafford, Jarle Nødset, Oddvar Aursnes, Magne Nilsen, Jan Nødset, Eilef Henriksen, Leiv Alnes, Marvin Nikolaisen, Torstein Ulset, Arvid Skinnes.*

Mill.KWh

## Kjøpt og produsert kraft 1968–1986





# KRAFTFORBRUK 1985 - 1987

